

 STATSBYGG

Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda

Versjon 2 – 02.09.2020

 HØGSKULEN I VOLDA



Fotografiet på framsida er teke av Link arkitektur og viser det eldste huset på høgskuleområdet: Henrik Kaarstad-huset som stod ferdig i 1922. Årstalet 1895 viser til startåret for den «nye» lærarskulen som Henrik Kaarstad og Aage Stabell starta under namnet: «Voldens Privatseminarium».

Innhold

Samandrag	5
Oppsummering av høyringsinnspel	6
Forord	9
1. Innleiing	10
1.1 Bakgrunn og mandat for campusplanen	10
1.2 Framgangsmåte	10
1.3 Grensesnitt til andre prosjekt	12
2. Dagens situasjon	15
2.1 Om Høgskulen i Volda	15
2.2 Volda og dagens campus	17
2.3 Stadlege forhold og planstatus	18
2.4 Mobilitet	25
2.5 Bygningsmassen på campus	29
3. Utviklingstrekk og behov	40
3.1 Overordna politiske føringar	40
3.2 Utviklingstrekk	41
3.3 Interessentane sine behov	43
3.4 Kapasitets- og funksjonsbehov	47
4. Mål for utvikling	50
5. Moglegheitsstudie	51
6. Arealstrategi	53
6.1 Prinsipp for utvikling	53
6.2 Ulike framtidsbilde	63
6.3 Plan for langsiktig utvikling	64
6.4 Gjennomføring	69
Referansar	72



Foto: Link arkitektur

Samandrag

Leiinga ved Høgskulen i Volda (HVO) har gitt Statsbygg i oppdrag å lage ein utviklingsplan for høgskuleområdet, ein såkalla campusutviklingsplan. Den førre campusutviklingsplanen for HVO vart laga i 2015, men sidan den gong er det mykje som har forandra seg på og omkring høgskulen. Mellom anna er nytt hus for mediefaga under bygging, og fleirbrukshallen Volda Campus Sparebank1 Arena er under bygging. Ny svømmehall og ny E39 mellom Volda og Furene (Ørsta) er under planlegging, og Volda kommune med fleire arbeider med utvikling av ein kunnskapspark/innovasjonssenter i sør-austre del av høgskuleområdet. I tillegg har Kunnskapsdepartementet lagt nye føringar for campusutviklingsplanar gjennom langtidspanen for forskning og høgare utdanning.

Arbeidet med campusutviklingsplanen starta våren 2019 med ein kartleggingsfase. Målet var å få oversikt over dagens bruk av bygningsmassen og uteområda, reisevanar og høgskulens samanheng med omgjevnadene. Med utgangspunkt i funn frå kartlegginga utarbeidde rådgivarane ved Statsbygg hausten 2019 ein moglegheitsstudie for bygningsmassen og for areal, landskap og transport. Moglegheitsstudiane inneheld ei rekke forslag til korleis hus og uteområde kan utviklast slik at dei kan bidra til at høgskulen når måla sine om mellom anna eit godt studie-, lærings- og arbeidsmiljø. Du kan lese meir om målsetnadene i kapittel 4.

Høgskulehusa ligg som eit band, nesten som eit rekketun i tettstaden. Denne strukturen kunne vore meir leseleg med betre skilting og strukturerande element i landskapet. Høgskuleområdet inneheld framleis nokre store grønne areal, men dei er under press. Dei grønne områda blir sett stor pris på av både studentar, tilsette og andre, sjølv om dei ikkje blir brukte så mykje. Dei er gode å kvile auga på, men inneheld få ting som oppmodar til aktivitet og opphald.

Kartleggingane synte at høgskulen er godt dekt med undervisningsareal, men delen spesialareal for undervisning er større enn delen generelle undervisningsareal. Timeplananalysen viser òg at kapasiteten på generelle undervisningsareal er under høgt trykk. Delen opne studentareal er veldig låg, berre 1 %. HVO er klar over det og er alt i gang med å utvikle opne areal for studentar i fleire hus for å auke samarbeid og trivsel. Etter Statsbyggs erfaring er det stor forskjell på delen fellesareal mellom dei ulike høgskulane, og her gjer areala til kantine og bibliotek utslag. Teljingar viste at desse areala er populære og godt brukte.

Eit slagord for vidare utvikling av høgskulen sine hus og uteområde er foreslått å vere: «Perler på ei grøn snor». HVO skal fortsette å ha sterke fagmiljø med hovudsete i kvart sitt hus («perle»), men for å oppmode til meir rørsle og samarbeid bør inngangsetasjen på husa innehalde nokre opne fellesareal som er tilgjengelege for alle, for eksempel ulike læringsareal for studentar då HVO ønskjer å satse på utvikling av fleire og betre areal for læring og trivsel. Saman med auka innhald i uteområda vil dette binde husa og brukarane ved høgskulen betre saman. Dersom HVO veks i framtida, og det trengst eit nytt hus, kan det vere ein god idé å styrke den nordlege delen av høgskuleområdet. Nedretun er eit lite fleksibelt ein-etasjes hus som kan bytast ut med eit vesentleg større og meir fleksibelt hus utan at store grønne areal går tapt. Alternativt kan Paviljongane og Lettbygget bytast ut av same årsak, om kommunen ikkje tenkjer å nytte tomta til næringsformål. HVO ønskjer å satse på utvikling av fleire og betre areal for læring og trivsel.

For at HVO skal kunne legge til rette for kunnskapsutvikling og innovasjon i samspel med samfunn og næringsliv, er HVO nøydd til å vere synleg og tilgjengeleg. Det gjeld også reint fysisk tilgjenge og at HVO er synleg i Volda, som at det er enkelt å finne gang- og sykkelveggar, kollektivtransport og

parkeringsplassar for gjester. Nye transportløysingar krev samarbeid med mellom anna Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Prosjektet har vore organisert med ei styringsgruppe, prosjektleiing og arbeidsgrupper. I tillegg har prosjektet hatt ei referansegruppe samansett av studentar og tilsette ved HVO og ei gruppe samansett av eksterne interessentar. I desember 2019 vart forslag til innsatsområde for utvikling sendt på ei avgrensa høyring til dekanane. Ei første utgåve av campusutviklingsplanen vart sendt på høyring til interne og eksterne interessentar i perioden februar til juni 2020. Neste kapittel inneheld eit samandrag av innhaldet i innspela.

Oppsummering av høyringsinnspel

Eit utkast til sluttrapport for arbeidet med campusutviklingsplanen vart sendt ut til interne og eksterne interessentar for innspel våren 2020. Vedlagt sluttrapporten låg moglegheitsstudia for (1) areal, landskap og transport og (2) bygningsmasse. Utkastet inneheldt ikkje eit avsluttande kapittel med tilråding om val av prinsipp og hovudgrep for vidare utvikling av høgskuleområdet. Fråsegnene frå interessentane om prinsipp for vidare utvikling er baserte på forslaga i moglegheitsstudia.

Brei støtte til hovudprinsipp

Høyringspartane uttrykkjer brei tilslutning til prinsippa om eit meir samankopla og kompakt campus med aktive første etasjar, fleire møteplassar ute og inne og areal for studentaktiv læring. Mange understrekar at dei attverande grønne areala på høgskuleområdet ikkje må byggjast ned, og at uteromma rundt Berte Kanutte-huset må givast innhald og leggjast meir til rette for bruk. Bevaring av grøntareal og tilrettelegging for aktivitet og opphald i uteareala er derfor lagt vekt på som eit av hovudprinsippa for vidare utvikling av høgskuleområdet.

Omgivnadene rundt høgskulen

Fleire av høyringspartane dreg fram at Volda Campus Sparebank1 Arena og den nye kunnskaps-parken/innovasjonssenteret ved Hans Strøm-huset og Ivar Aasen-huset blir ein viktig del av høgskuleområdet i framtida, og må sjåast på som ein del av høgskuleområdet. Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning meiner at aksene Rokken/Spinneriet – Berte Kanutte-huset – Rotevatnet må utviklast som transportåre også for mjuke trafikantar, og at det må merkast godt for å stimulere til meir ferdsel for mjuke trafikantar langs denne vegen. I denne planen foreslår vi at HVO og Volda kommune går saman om å merke og forbetre to hovudruter for gåande mellom Volda sentrum og HVO, i tillegg til ei rute med jamn stigning for syklistar.

Bil og sykkel

Fleire og betre garderobefasilitetar, overbygde sykkelparkeringsplassar ved dei mest brukte inngangane. Betre og meir leseleg kollektivtilbod. Avdeling for mediefag trekkjer fram at ønske om reduksjon av bilbruk ikkje må gjere at HVO blir mindre attraktiv som arbeids- og studiestad for dei som bur innanfor dagpendlaravstand. HVO eigeom/drift trekker fram at parkeringssituasjonen må bli betre, og at HVO må prioritere ein stor parkeringsplass med god tilgang frå E39. Dei meiner at dersom betalingsparkering ikkje får politisk støtte, bør HVO sjå på korleis tal parkeringsplassar kan aukast. Sidan eitt av måla for planen er eit meir miljøvennleg campus, foreslår vi å først prøve tiltak som kan minke etterspurnaden etter parkeringsplassar.

Arbeidsplasskonsept

Mange av avdelingane seier at dei er negative til opne landskap som arbeidsplasskonsept. Samtidig er økonomiavdelinga på HVO tydeleg på at lokale er ein ressurs som må brukast effektivt, då kostnader knytte til lokale for HVO utgjer 16 % av den årlege løyvinga. HVO Eigedom/drift føreslår at HVO som ei oppfølging av campusutviklingsplanen får utarbeida ein konkret prioritert kontorplan som ser på behovet for arbeidsplassar framover og korleis ei eventuell underdekking skal løysast. Her bør ein ta stilling til kva som skal vere standard for ein kontorarbeidsplass for ulike grupper (heiltidstilsette, deltidstilsette, stipendiatar, pensjonistkontor, gjesteførelesarar med meir).

Arealkartlegginga viser at det finst eit lite potensial for å auke kapasiteten for arbeidsplassrelatert areal innanfor dagens bygningsmasse dersom HVO organiserer nokre av arbeidsplassane på alternative måtar. Å utarbeide ein arbeidsplassrettleiar for forskjellige stillingstyper kan vere til god hjelp for å kunne planlegge arbeidsplassar ved HVO i framtida. Campusutviklingsplanen tar ikkje stilling til kva for arbeidsplasskonsept som bør innførast ved HVO, då dette er endringar som krev grundigare involvering og drøfting mellom arbeidsgivar og arbeidstakar.

Sambruk eller særbruk

Fleire avdelingar uttrykkjer støtte til meir fleksibilitet, sambruk og fleirbruk av areal ved høgskulen, men minner også om at dei spesifikke behova enkeltfaga har, ikkje må gløymast. Økonomiavdelinga trekkjer fram at ein i kartlegginga har funne at del spesialareala for undervisning er vesentleg større enn del generelle undervisningsareala inklusive auditorium. For å sikre tilstrekkeleg studentareal bør HVO som ei oppfølging av campusutviklingsplanen gå gjennom areal som i dag er definert som spesialrom, for å sjå om der er lokale som kan gjerast om til ordinære undervisningslokale.

Undervisningsrom

Studentparlamentet listar opp viktige eigenskapar ved gode undervisningsrom som lys, luft, teknisk utstyr, fleksibilitet og estetikk. Fleire etterspør meir idear i planen til korleis studentaktive læringsareal kan utformast og prioriterast. Planen er derfor utvida med nokre døme på kva slike areal kan vere.

Konkrete forslag til tiltak

Høyringsinnspela inneheld ei rekkje konkrete tilbakemeldingar og forslag. Avdeling for kulturfag ønskjer for eksempel å ta i bruk kjellaren til idrettsbygget til treningslaboratorium, og strekar under at det er behov for auditoriet i Kaarstad (festsalen) slik det er i dag. Seksjon for idrett og friluftsliv føreslår heilt konkret å setje opp storlavvoen på campus og meiner dette vil forbetre romkapasiteten. Fleire av dei konkrete innspela til utvikling er for detaljerte for campusutviklingsplanen, men er verdifulle å ha med i arbeidet med å utvikle bygningsmassen. Dei er derfor samla i eit eige dokument som både HVO Eigedom, og Statsbygg Drift og Eigedomsavdelinga har tilgang til.

Pandemisituasjonen

Campusutviklingsplanen vart sendt ut til høyringspartane månaden før Noreg stengde ned i mars 2020. Mange har peika på at den nye situasjonen kan gi konsekvensar for både organisatoriske og teknologiske løysingar, så vel som fysiske løyningar. Sommaren 2020 veit vi for lite om dei langsiktige konsekvensane av pandemisuasjonen til å kunne gjere faktabaserte endringar i planen, og prosjektgruppa har vurdert hovudprinsippa i planen til å stå seg godt. På sikt vil auka bruk av heimekontor, videomøte og strøyming av førelingar føre til endra areal- og transportbehov, men i skrivande stund kjenner vi ikkje omfanget. Dersom krav om avstand mellom menneske blir halde ved lag over tid, vil det også kunne få konsekvensar for korleis vi utformar fellesareal, møterom og kontor.



Foto: Link arkitektur

Forord

*eit andlet opnar seg
over sjøen
fjella
og bakkane eit andlet opnar seg
med skyer og vind i håret eit andlet opnar seg
(Jon Fosse, "Stein til stein")*

Bytt ut "eit andlet" med "ein høgskule" i dette utdraget frå Jon Fosses dikt, og mykje er sagt om kva Høgskulen i Volda ønskjer med denne planen: ... eit andlet opnar seg ... ein høgskule opnar seg.

"Perler på ei grøn snor" er orda rådgjevarane frå Statsbygg vel for å beskrive rekketunet som husa, markane, vegane og ja heile høgskulen utgjer, der han ligg mellom elvar og bakkar, opnar seg mot sjøen og fjella, skyer og vind.

Vi vil også opne oss mot lokalsamfunn og region, både for ferdafolk, til og frå, men også mot dei mange nye grannane våre som vi saman skal finne nye måtar å leve og vekse i lag med.

Og kvarandre: Korleis opne opp vårt eige og kvarandre sine andlet? Korleis finne både dei fysiske og ... andre ... rom ... som opnar for tanken, for læring, for kunnskap. I lag med kvarandre. Studentar og tilsette.

Og til og med midt i pandemien har vi kvarandre. Ingen veit kva den vil gjere med våre andlet med tida, men aleine er vi ingenting. I lag er vi alt.

I arbeidet med planen har vi vore mange i lag: Takk til dei mange høgskuletilsette, samarbeidspartar, Statsbygg og deira konsulentar for godt samarbeid i arbeidet med planen!

Eg håper Jon Fosse kan hjelpe oss alle til å starte med å tenke høgt. Ord som campusutvikling og arealnorm, utnyttingsgrad og bygge- og leiesaksinstruksen står uansett og trippar på dei neste sidene - dei kjem nok også til sin rett.

God lesnad!

Johann Roppen
Rektor, Høgskulen i Volda

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og mandat for campusplanen

Leiinga ved Høgskulen i Volda (HVO) har gitt Statsbygg i oppdrag å utarbeide ein campusutviklingsplan. Den førre campusutviklingsplanen til HVO vart utarbeidd i 2015. Hovudtiltaket frå den førre campusutviklingsplanen, nytt mediehus, er under bygging i perioden 2019–21. Endringar i HVO sine omgivnader sidan 2015 er at ny E39 i tunnel mellom Volda og Furene er under planlegging, og nye Volda Campus Sparebank1 Arena (VCA) er under oppføring ved hovudtilkomsten til campus. I 2018 la Kunnskapsdepartementet nye føringar for campusutviklingsplanar gjennom langtidsplan for forskning og høgare utdanning. Leiinga ved HVO har derfor sett eit behov for å lage ein oppdatert campusutviklingsplan der ein ser campus i ein større samanheng for å sikre areal for langsiktig utvikling og lage ein plan for tilpassing av eksisterande areal. Statsbygg forvaltar størsteparten av areala til HVO. Høgskulen leiger elles areal frå Volda kommune og Studentsamskipnaden i Volda. I tillegg til dette forvaltar dei nokre mindre areal sjølv.

Kva er ein campusutviklingsplan?

Campusutviklingsplanar er heilskaplege og langsiktige planar for effektiv og god bruk og utvikling av hus, eigedom og infrastruktur. Ein campusutviklingsplan skal stø opp under dei faglege og strategiske måla for institusjonen. Definisjonen baserer seg på forventingar frå Kunnskapsdepartementet (KD). I langtidsplanen for forskning og høgare utdanning frå KD, som kom hausten 2018, la for første gong ei norsk regjering fram ein politikk for universitets- og høgskulebygg. Hovudbodskaper i denne er at hus, utstyr og infrastruktur skal legge til rette for kvalitet i utdanning og forskning, og for berekraft og miljø. Campus skal også fremje samarbeid – mellom studentar og forskarar, akademia og næringslivet og lokalsamfunnet. Campusutviklingsplanane er strategiske dokument for utdanningsinstitusjonane og Statsbygg, og ikkje formelt sett del av eit planhierarki som er forpliktande for utbyggingstiltak – verken for institusjonen sjølv eller for reguleringsmyndigheiter, departement, Statsbygg eller andre aktørar.

1.2 Framgangsmåte

1.2.1 Prosess

Oppstartsmøtet mellom Høgskulen i Volda og Statsbygg vart halde 27.02.2019. Kort tid etter dette starta kartleggingsarbeidet. Her vart det utvikla eit kunnskapsgrunnlag gjennom kartlegging av dagens situasjon, utfordringar, moglegheiter og framtidstrendar og utviklingstrekk. Resultatet frå kartleggingsarbeidet vart presentert internt på høgskulen og til deltakarane i den eksterne referansegruppa den 15. oktober 2019. Delar av kunnskapsgrunnlaget vart plukka ut av høgskulen til vidare validering og kvalitetssikring. Saman med utarbeidinga av effektmål for utviklinga av campus har kartleggingsarbeidet danna grunnlaget for utarbeiding av tiltak og strategiar for framtidig utvikling av campus. Etter kartleggingsfasen vart det gjennomført moglegheitsstudiar for areal, landskap, transport og for bygningsmassen som grunnlag for definering av alternativ for utvikling av campus. Undervegs i dette arbeidet vart det sendt ut eit høyringsnotat på avgrensa høyring for å samle innspela frå dekanane til innretninga på moglegheitsstudiane og viktige aspekt som bør varetakast i campusutviklingsplanen. Eit forslag til campusutviklingsplan vart sendt på høyring internt på høgskulen og til deltakarane i den eksterne referansegruppa våren 2020 før endeleg ferdigstilling.

1.2.2 Organisering

Prosjektet har vore organisert med ei styringsgruppe, prosjektleiing og arbeidsgrupper. I tillegg til dette har prosjektet hatt to referansegrupper; éi med representantar i HVO og éi med eksterne interessentar.

Gruppe	Deltakarar og rolle
Styringsgruppa	<ul style="list-style-type: none"> - Johann Roppen, rektor ved Høgskulen i Volda - Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen, direktør ved Høgskulen i Volda/ til 09.19: Per Halse, vikarierende direktør/professor ved Høgskulen i Volda - Ingunn Welle, økonomidirektør ved Høgskulen i Volda - Niels Jørgen Andreasen, prosjektleiar ved Høgskulen i Volda - Kjetil Lehn, sektordirektør for universitet og høgskular i Statsbygg - Brit Sylte, avdelingsdirektør seksjon for areal- og konseptutvikling i Statsbygg/frå og med sept.19: Lise Bergflødt, fungerande avdelingsdirektør seksjon for areal- og konseptutvikling/frå og med juli 2020 Nina Ødegaard, avdelingsdirektør for planseksjonen
Prosjektleiing	<ul style="list-style-type: none"> - Yngvild Pernell, prosjektleiar seksjon for areal- og konseptutvikling i Statsbygg/frå og med sept.19: Steffen Gretland, prosjektleiar seksjon for areal- og konseptutvikling i Statsbygg/frå og med juli 2020: Ane Kvamshagen, prosjektleiar i planseksjonen i Statsbygg - Kristin Vollan, eigedomssjef i Statsbygg - Niels Jørgen Andreasen, prosjektleiar ved Høgskulen i Volda/frå og med juli 2020: Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen, direktør ved Høgskulen i Volda
Arbeidsgruppe - landskap, areal og transport	<ul style="list-style-type: none"> - Rådgivarar frå Link Arkitektur - Ane Kvamshagen, planseksjonen i Statsbygg
Arbeidsgruppe - bygningsmasse	<ul style="list-style-type: none"> - Rådgivarar frå Lerche Arkitekter - Kjersti Aase Winjum, faglig ressurscenter for arkitektur i Statsbygg
Referansegruppe - intern	<ul style="list-style-type: none"> - Niels Jørgen Andreasen, prosjektleiar - Mona Iren Auganæs, biblioteksleiar - Trond Vidar Bratteberg, kantineleiar - Maia Lisa Hjelmeseth Vik, rådgivar studieadministrasjonen - Iulia Beleuta, internasjonalisering - Gonnie Smit, studiedirektør - Randi Bergem, dekan Avdeling for samfunnsfag og historie - Kjell Einar Dagfinrud, kontorsjef Avdeling for samfunnsfag og historie - Unni Hagen, dekan Avdeling for kulturfag - Stig Flåskjer, IT - Margrete Apelseth, Økonomi/Eigedom - Odd Ragnar Hunnes, dekan Avdeling for mediefag - Synnøve Hedemann Amdam, høgskulelektor, Avdeling for mediefag - Marthe Osmundsen, internasjonalisering - Hilde Gry Leer-Salvesen, IT - Leif Roar Strand, Økonomi/Eigedom

	<ul style="list-style-type: none"> - Roar Stokken, førsteamanuensis, Avdeling for samfunnsfag og historie - Trym Nikolas Rimmen, Studentparlamentet
Referansegruppe - ekstern	<ul style="list-style-type: none"> - Jan Henning Egset, Studentsamskipnaden i Volda - Rune Aasen, Studentsamskipnaden i Volda - Knut Nautvik, Helse Møre og Romsdal - Magnulf Arne Gjersdal, Helse Møre og Romsdal - Per Olaf Brækkan, Møre og Romsdal fylkeskommune - Trond Hjelseth, Møre og Romsdal fylkeskommune - Asbjørn Moltudal, Volda kommune - Rune Sjurgard, Volda kommune - Jørgen Vestgarden, Volda kommune - Jarl Martin Møller, Volda kommune - Martin Foldal, Sunnmøre kulturnæringshage - Arild Bakke, Volda Campus Sparebank1 Arena

1.3 Grensesnitt til andre prosjekt

Det går føre seg fleire andre prosjekt som verkar inn på campusutviklingsplanprosjektet. Dette er prosjekt som anten er under utgreiing, planlegging eller bygging.

- **Nytt hus for mediefaga (innflytting hausten 2021):** Huset skal sikre at HVO framleis skal vere leiande innanfor yrkesretta medieutdanningar. Både i anleggsfasen og når huset står ferdig fører prosjektet til færre parkeringsplassar på campus. Nybygget skal byggast sentralt på campus, der den største parkeringsplassen i dag ligg. Huset har eit budsjett på 200 millionar, og kan huse opptil 50 tilsette og 500 studentar.
- **Oppgradering av Ivar Aasen-huset og utvikling av Volda Kunnskapspark:** Etter at nytt mediebygg står ferdig, vil Ivar Aasen-huset mest sannsynleg bli rehabilitert og oppgradert. I 2017 vart det gjort vurderingar av oppgradering og råbygg til ein tredje etasje på bygget. Det blir planlagt for ei framtidig etablering av Volda kunnskapspark i Ivar Aasen-huset etter oppgraderingar. Prosjektet er eigd av Møre og Romsdal Fylkeskommune, Volda kommune, Høgskulen i Volda og Sunnmøre Kulturnæringshage.
- **Volda Campus Sparebank1 Arena:** Ny idrettshall som skal stå klar i 2020 med internasjonale mål for volleyball og handballarena med plass til ca. 1.500–2.000 tilskodarar. Idrettshallen skal også ha klatrehall og buldrevegg. Prosjektet inkluderer 110 parkeringsplassar i kjellar og 35 plassar utvendig.
- **Innføring av parkeringsrestriksjonar på høgskuleområdet:** Politisk behandling av skiltplan på høgskuleområdet, er utsett til slutten av september 2020. Det er ein risiko for at skiltplanen ikkje blir vedtatt ettersom det er politisk usemje om å innføre parkeringsrestriksjonar. HVO blir i staden utfordra av politikarane på å setje i verk andre tiltak for å avgrense etterspørselen etter parkeringsplassar.
- **Ombygging av store auditoriet i Hans Strøm-huset:** Auditoriet vart bygd om for å legge til rette for undervisning i mindre grupper og for enkel veksling mellom plenums- og gruppearbeid. Arbeidet vart fullført til semesterstart hausten 2020.
- **Ny trasé og tunnel for E39:** Veg og tunnel er ferdig regulert, men prosjektet manglar finansiering. Gjeldande nasjonal transportplan tilseier oppstart 2023/2024. Vegdirektoratet har kome med eit pålegg om å redusere kostnadene på prosjektet. Vegen er regulert med to separate

tunnelløp. Statens vegvesen ser på utsiktene for berre eitt løp. Bompenggeordning er ikkje avklart. Den nye vegen vil medføre nytt køyremønster til og rundt campus.

- **Riving/ombygging av svømmehall:** Det blir no planlagt å rive eksisterande svømmehall som er eigd av Statsbygg. Ny svømmehall i kommunal regi blir planlagt bygd saman med Volda campus Sparebank1 arena. Tidspunkt for byggestart er ikkje klart.
- **Heltne II, nye studentbustader:** Samskipnaden planlegg for ca. 200 nye bustadeiningar på Heltne, budsjettert til 100 mill. Første byggetrinn stod ferdig desember 2019, med 120 nye bueiningar. Byggetrinn 2 skal stå ferdig hausten 2020, med 74 bueiningar.
- **Nye gangveggar:** Ny gangveg mellom ungdomsskulen og Volda Campus Sparebank1 Arena blir bygd i år, og i tillegg ny gangveg mellom Øyra skule og Volda Campus Sparebank1 Arena. Det vil også kome gangveg tilpassa elevar ved Volda vidaregåande skule som skal ha kroppsøving i Volda Campus Sparebank1 Arena.
- **Prosjekt høgskulebiblioteket:** Høgskulen engasjerte firmaet Aat Vos til å gjere moglegheitsstudie for utvikling av biblioteket i 2019. Utvikling av areala i Berte Kanutte-huset i samsvar med moglegheitsstudien er i tråd med prinsippa for utvikling av heile høgskuleområdet.
- **Næringsbygg ved campus:** Asko Eigedom varsla i 2019 oppstart for reguleringsplan for eit område på Røysmyrane søraust for rundkøyring mellom E39 og fylkesveg 45 (Vikebygdvegen). Målsetnad med planarbeidet er å legge til rette for forretning, næring, offentleg eller privat tenesteyting, bustader (inkl. nokre studentbustader) og leikeareal.
- **Volda ungdomsskule:** Det skal byggast ny ungdomsskule på same tomt som i dag. Reguleringsplan vart vedtatt i mars 2020. Nybygget skal etter planen stå ferdig i 2022 eller 2023.
- **Volda vidaregåande skule:** Volda VGS planlegg å opprette ein ny base for tilpassa opplæring. Eitt av alternativa dei vurderer, er å bygge den nye basen tett opp mot HVO.
- **Utvikling av kollektivtransport i regionen:** Volda og Ørsta kommune arbeider no saman med fylkeskommunen på eit prosjekt for å sjå på utvikling og tiltak innan kollektivtilbodet i området for å auke bruk av kollektivtransport. Gjennom prosjektet er det blant anna gjennomført ei reisevaneundersøking.
- **Flaum-prosjekt:** Volda kommune har eit prosjekt gåande knytt til flaumsikring. Prosjektet inneber bygging av overføringskanal til Heltneelva for å redusere flaumfare i bekkane gjennom Volda sentrum, inkludert høgskuleområdet.
- **Utbyggingar av Volda sjukehus:** Det er planlagt større utbyggingar og utbetringar av eksisterande bygningsmasse. I anleggsperioden vil ein del parkeringsplassar bli fjerna, og dette kan få konsekvensar for parkeringssituasjonen på høgskuleområdet.

2. Dagens situasjon

2.1 Om Høgskulen i Volda

2.1.1 Fakta

Volda lærarhøgskule og Møre og Romsdal distriktshøgskule Volda, vart slått saman til Høgskulen i Volda i 1994. I 1998 fekk høgskulen eit nytt hus som også fysisk knytte saman dei to tidlegare institusjonane. Berte Kanutte-huset gav ein liten auke i talet på undervisningsrom med to nye auditorium (220 sitteplassar), to klasserom med plass til om lag 30 studentar i kvart av dei og i tillegg fleire datarom. I 1998 hadde HVO rundt 50 studieprogram. Innføringa av kvalitetsreforma i 2002 gav høgskulen fleire fullmakter og høve til å starte eigne studieprogram utan godkjenning frå departementet. Det førte til ein stor auke i talet på studieprogram – i Volda som andre stader. HVO har også satsa mykje på utvikling av fleksible studium, og har no 180 studium i alt. Frå 1998 og fram til i no har ikkje høgskulen fått nye undervisningsrom sjølv om studenttalet har auka frå om lag 2.800 i 1998 til 4.500 i 2019. Hausten 2019 starta bygginga av det nye mediehuset som vil gi ein lita auke i areal og undervisningsrom når det står klart til bruk i 2021. Areala i Ivar Aasen-huset som skal ut er på 2.390 kvm, medan det nye mediehuset er på 3.900 kvm.

Tabell 1 Fakta om HVO. Kjelde: HVO

Samla tal studentar:	4.500	
På campus	3.105	
Nettstudentar	1.230	
Fjernstudentar	170	
Tal internasjonale studentar:	245	Inkludert i det samla talet på studentar
Tal studietilbod:	180	Omfattar alle studieprogram: master-, og bachelorutdanningar, årsstudium, vidareutdanningar på ulike nivå og av ulikt omfang og fleksible studietilbod som til dømes nett- og deltidsstudium
Tal fleksible studietilbod:	70	
Tal tilsette (årsverk):	350	Av desse om lag 235 vitenskapleg tilsette
Tal førstestillingar:	105	Av desse 25 toppstillingar

2.1.2 Fagprofil

Høgskulen i Volda er den største UH-institusjonen i Møre og Romsdal og har eit langstrekt, men samla høgskuleområde. HVO er høgskulen for human- og samfunnsvitenskapane i regionen.

I strategiplanen for 2017-2020 er dei strategiske hovudsatsingane til høgskulen:

- Å tilby solide masterutdanningar for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- Å vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Noreg
- I samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – ta eit særleg ansvar for forskning på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk
- Å vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet

- Å vidareutvikle studietilbodet på ph.d-nivå i sosialfag saman med Høgskolen i Molde og satse på tverrfagleg helsefremjande kompetanse

Medieutdanningane ved HVO

Medieutdanningane ved HVO har eit godt renommé, er nasjonalt kjende, har mange søkjarar og studentar som gjennomfører med gode resultat. Mediefagmiljøa har i tillegg til det teoretiske fokuset lagt stor vekt på at dei skal vere mest mogleg relevante for arbeidet som ventar i profesjonelle redaksjonar. Utdanningane er derfor organiserte med interne praksisperiodar i realistiske redaksjons- og produksjonsmiljø med tett fagleg oppfølging og rettleiing. Dette er ressurskrevjande, men også eit viktig særtrekk ved medieutdanningane ved Høgskulen i Volda.

Lærarutdanningane ved HVO

Lærarutdanningane er særst viktige for HVO. Ein stor del av vidareutdanningane våre er også knytte til lærarutdanning, og utan ei solid grunnutdanning vil vi ikkje kunne støtte krava for oppdatering og livslang læring. Grunnskulelærarutdanninga (GLU) vart masterutdanning frå 2017. Dette innebar ein auke i studenttalet og fleire studentgrupper – noko som krev fleire undervisningslokale. Det medførte også ein auke i talet på tilsette – og dermed behov for fleire kontorarbeidsplassar. Sidan 2019 har det vorte stilt krav om master for opptak på PPU, med unntak av praktiske estetiske fag der bachelor fram til 2025 kan gi opptak på PPU. Høgskulen ventar ikkje endring i talet på PPU-studentar i åra som kjem, men både studentgrunnlag, undervisning og praksis vil endre seg.

Sosialfaga

Utviklinga i velferdstenestene med samhandlingsreforma, endringar i NAV, vektlegging av tverrprofesjonelt samarbeid og krav om meir spesialisert kompetanse, stiller nye forventningar for sosialfaga. Det vert meir vekt på praksisnær og klientrelatert kompetanse, behov for meir kunnskap om og erfaring med tverrprofesjonelt samarbeid og truleg også etterkvart utviding av studia til masternivå. Dette vil krevje fleire undervisnings- og grupperom. Høgskulen har i 2020 bygd om sitt største auditorium, Strøm-auditoriet, for å legge til rette for undervisning i mindre grupper og for enkel veksling mellom plenums- og gruppearbeid. Det er truleg sosialarbeidarutdanningane som vil merke dette mest i undervisningskvardagen.

Praktisk-estetiske fag

Dei praktisk-estetiske faga har historisk sett vore tett knytt til lærarutdanningane, men står i dag også på eigne bein med bachelor i Musikk, Design, kunst og handverk, Drama og teater, Idrett og Friluftsliv. Høgskulen ser det som eit viktig samfunnsoppdrag å oppretthalde dei praktisk estetiske faga i ei tid då andre institusjonar vel å leggje ned desse studietilboda. Ei satsing på framtidens dugleikar som kreativ metodikk, innovasjon og omstillingsevne er viktig for å gjere studentane betre budde for framtidens samfunn. Dei praktisk-estetiske faga har stort behov for spesialrom til undervisninga si. Det er ikkje venta ein auke i tal studentar på desse faga, men idrettsbygget vil ha behov for reovering.

Master- og doktorgrad

HVO er på den eine sida prega av stabilitet i studietilbod og fagleg profil og har ikkje utvida studieporteføljen til nye fagområde dei siste tiåra. Samstundes har profilen stadig blitt spissa og gjort tydelegare ved at fleire og fleire fagmiljø har fått mastergradar, og ein doktorgrad, oppå grunnutdanningane. HVO fekk sine første mastergradar i 1999 og har sidan fått stadig fleire. I 2019 har høgskulen i alt ca. 15 mastergradar. Sidan 2015 har vi også hatt ein doktorgrad (fellesgrad) i helse- og sosialfag saman med Høgskolen i Molde.

2.1.3 Internasjonalisering

Internasjonale perspektiv, språk og kulturforståing er i aukande grad relevant for dei som skal ut i arbeidslivet., Samanlikna med tilsvarande institusjonar har Høgskulen i Volda mange studentar på utveksling og praksis i utlandet. Men ikkje alle studentar har høve til å studere i utlandet, så vi må også ha fokus på internasjonalisering heime. For å skape eit internasjonalt læringsmiljø ved HVO må vi tiltrekke oss studentar og førelesarar frå utlandet, samt skape faglege og sosiale arenaer der lokale og internasjonale møtast. HVO var den første norske høgskulen som oppretta ein møtestad for internasjonale og lokale studentar, Pangaia, som ligg sentralt på campus og er bemanna av studentmedarbeidarar. Pangaia spelar ei utruleg viktig rolle for å skape eit godt psykososialt miljø for studentane og står for ei heil rekke arrangement som internasjonale kveldar, buddy-veka, turar og filmkveldar.

2.1.4 Forsking

Høgskulen i Volda har sidan 1994 auka talet på fagleg tilsette (årsverk) i undervisnings- og forskingsstillingar frå 137 til 237. Andelen av førstekompetente har i same åra auka frå ca. 25 prosent til over 50 prosent. I 1994 hadde høgskulen ein professor. I 2020 står professorar og dosentar for ca. 25 årsverk ved høgskulen. Denne kompetansehevinga ligg til grunn for at høgskulen har fått akkreditert ein doktorgrad og stadig fleire mastergradar. Mesteparten av forskinga ved høgskulen er innanfor samfunnsvitenskaplege og humanistiske fag. Forskingsaktiviteten har difor i liten grad vore avhengig av spesialrom. Han vil for dei fleste tilsette gå føre seg på dei vanlege arbeidsplassane eller på feltarbeid i skular, kommunar eller andre delar av arbeidslivet i inn- og utland. Når det gjeld kunstfag, idrettsfag og medie-fag vil det i ein viss grad vere behov for spesialrom for utviklingsarbeid og forskning.

2.2 Volda og dagens campus

Volda har ei over 150 år lang historie som studie- og utdanningsstad som starta med «Voldens høiere almueskole med annecteret dannelsesanstalt for almueskolelærere» i 1861. Henrik Kaarstad-huset som blei bygd i 1922 er ein synleg representasjon av denne lange historie med lærarutdanning i Volda og huset er ein viktig del av campus også i dag. I dag er høgskulen ein viktig studiestad og arbeidsplass, både lokalt og regionalt. Høgskuleområdet ligg ca. 1 km nord for Volda sentrum, organisert på ei rekke som følgjer landskapet i ei sør-aust/nordvest-retning. Landskapet på campus er svakt hallande frå nordvest til søraust. Uteområda og husa har flott utsikt langsmed heile høgskuleområdet. Høgskulen grensar til einebustadområde i nord og sørvest, og til andre utdanningsinstitusjonar som Volda ungdomsskule, Øyra skule og Volda vidaregåande skule. I framtida vil campus også grense til ny fleirbrukshall, kalla Volda Campus Sparebank1 Arena, som er under bygging.

Volda har eit høgt aktivitetsnivå i idretts- og kulturlivet, mykje drive av frivillige lag og organisasjonar. Høgskulen og studentane er viktige bidragsytarar til kulturlivet og arrangerer blant anna festivalar. Ein av dei viktigaste samlingsstadene for studentane er Studenthuset Rokken. Strandvolley og sosiale treff går føre seg bla. på Årneset. Volda Stadion med kunstgrasbaner, fotballhall og skatepark ligg og nær høgskuleområdet. Naturen i Volda innbyr også i høg grad til naturopplevingar, friluftsliv og fysisk aktivitet. For Volda kommune er natur, kultur, idrett og frivillig arbeid viktige faktorar for å auke attraktiviteten til staden og integreringsarbeidet. Idrettsbygget inneheld salar, buldrevegg, styrkerom og garderobar.



Figur 1: Oversiktskart som viser Volda sentrum og høgskulen. Illustrasjon: Link arkitektur

Fleire store noverande og komande offentlege byggeprosjekt på og i nærleiken av høgskuleområdet bidrar til stor utvikling i Volda tettstad. Nytt hus for mediefaga ved HVO blir no bygd sentralt på campus, og på nabolomtma er fleirbrukshallen Volda Campus Sparebank1 Arena under oppføring. Ny svømmehall i tilknytning til fleirbrukshallen er også under planlegging. Prosjekta gjer at høgskuleområdet sitt tyngdepunkt blir skuva mot aust, og bidrar til ei sterk oppgradering av hovudtilkomsten til campus frå Joplassvegen. I tillegg tilfører prosjekta nye funksjonar og tilbod til høgskuleområdet.


2.3 Stadlege forhold og planstatus

2.3.1 Lokalisering og eigedomsforhold

Høgskulen sine hus, både nyare og eldre, ligg på ei rekke i landskapet. Hovudtilkomsten til høgskuleområdet er frå Joplassvegen og E39. Spesielt for høgskulen er eit relativt samanhengande uteområde frå vest til aust, som bidrar til å binde ein langstrekt campus saman.

Eigarforholda for hus og eigedomane på campus er i hovudsak fordelte mellom Statsbygg og Volda kommune. Når nytt hus for mediefag står ferdig, flyttar HVO ut av Ivar Aasen-huset som er eigd av Volda kommune. Volda kommune vurderer ulike alternativ for framtidig utvikling av tomta for å få realisert kunnskapspark/innovasjonssenter i samarbeid med Høgskulen i Volda, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Sunnmøre Kulturnæringshage og andre aktørar.

Dei ulike fagmiljøa på HVO held i stor grad til i kvar sine hus, noko som også har sett preg på dei ulike husa. Fellesfunksjonar som servicekontor, bibliotek og kantine er samla sentralt på campus i Berte Kanutte-huset og brukt av alle på campus. Totalt leiger HVO til saman 28.950 m², av desse er 24.624 m² leige av areal eigd av Statsbygg. Andre areal leiger HVO frå Volda kommune. Statsbygg har totalt eit tomteareal på ca. 76.506 m² som blir leigd ut til HVO.



Figur 2: Eierforhold på og rundt høyskuleområdet. Illustrasjon: Link arkitektur

2.3.2 Gjeldande arealplanar


I vedlagde stadanalyse (vedlegg 1) og i kap. 3.1 Normative behov er det gitt ei meir fullstendig oversikt over alle nasjonale, regionale og lokale føringar som er relevante for utvikling av hus, uteområde og fysisk infrastruktur ved HVO. Krav til meir berekraftige løysingar gjeld alle sektorar og samfunnsområde. Statlege føringar gir også auka krav til arealeffektivitet i hus, gjenbruk av eksisterande bygningsmasse og auka attraktivitet på møteplassar, uterom og transportalternativ. *Langtidsplanen for forskning og høgere utdanning 2019–2028* set krav til strategisk utvikling av det fysiske campus som står opp under verksemda sine behov og mål.

Lokalt ønskjer Volda kommune å utvikle eit tett sentrum som er attraktivt for handel, tenesteyting og busetting. Det er eit mål for kommunen å få fleire til å bu og opphalde seg i Volda sentrum og at ein utviklar og tar vare på særpreget og identiteten til Volda. I gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, vedtatt i juni 2009, er høyskuleområdet i hovudsak sett av til eksisterande offentlege formål. Ein mindre del av campus er sett av til friområde.

Høyskuleområdet er regulert i tre forskjellige reguleringsplanar:

- 1 Røysmarka (vedtatt 1995)
- 2 Volda campus Arena (vedtatt mai 2016)
- 3 E39 Volda – Furene (vedtatt mai 2018)

Det einaste uregulerte området er arealet lengst vest der eksisterande idrettsbygg og svømmehall ligg i dag.



Figur 3: Utsnitt av gjeldende reguleringsplaner for høgskuleområdet. Nummereringa viser til lista i teksten (avsnitt 2.3.2) over reguleringsplaner som gjeld for høgskuleområdet.

Reguleringsplan for Røysmarka

Reguleringsplanen for Røysmarka dekker størstedelen av campus og er markert som nummer 1 i figur 3. Areala innanfor plangrensa er sett av til offentlege bygg (undervisning), annan veggrunn, parkeringsplass, køyreveg, offentlig friområde, gang- og sykkelveg og bustad. Planen er generell og fleksibel ved at han ikkje er laga på bakgrunn av spesifikke prosjekt, men gir relativt vide rammer for framtidig utvikling så framtidig utviklinga gjeld prosjekt innanfor riktig formål. Nytt hus for medie-faga kunne oppførast utan omregulering, og utan å måtte søkje dispensasjonar frå gjeldande plan. Eventuelle nye prosjekt på høgskuleområdet som ikkje ligg innanfor areala sette av til offentlig formål i gjeldande plan, eller som utfordrar føresegnene i planen, kan få krav om detaljregulering.

Utdrag av føresegnene i planen:

- Utnyttingsgraden for kvar tomt skal ikkje vere større enn maksimal utnyttingsgrad for feltet som er ført på plankartet. Der utnyttingsgraden ikkje er påført plankartet, skal bygningsmyndet fastsetje denne. Der utnyttingsgraden ikkje er påført plankartet, skal bygningsmyndet fastsetje denne. Utnyttingsgraden (TU – tillata tomteutnytting) er lik bruksareal berekna som prosent av nettoareal tomt, dvs. forholdstal mellom golvareal og tomt.
- Områda merka O1, O2 og O4 skal nyttast til høgskuleområde. O5 skal nyttast som tilleggsareal for Øyra skule. O6 skal nyttast til ballplass. O7 skal nyttast til ekspansjonsareal for høgskulen eller andre offentlege skuleformål.
- Hus kan oppførast med inntil 3 etasjar med tillegg av sokkeletasje.

- For kvar enkelt utbygging skal det opparbeidast parkeringsplassar på eigen grunn for det tal bilar som etter bygningsmyndet sitt skjøn er nødvendig for utbygginga.
- Område F1 skal nyttast til park.

Reguleringsplan for Volda Campus Arena

Ny reguleringsplan for Volda Campus Arena (markert som 2 i figur 3) frå 2018 regulerer hovudtilkomsten til campus og omlegging av bekkeløpet Djupegrova som kryssar framfor hovudinngangen til Berte Kanutte-huset. Utover å legge til rette for etablering av trafikkareal og etablering av Volda Campus Arena er det også sett av areal til ny svømmehall i nord mot Berte Kanutte-huset og to nye gangvegsamband som vil betre nettverket av gangvegar og stiar tilknytte campus for gåande og syklende. Gangsambanda er planlagde opparbeidde av kommunen i samband med bygging av Volda Campus Arena. Volda Campus Arena har i etterkant av reguleringsplanarbeidet fått namnet Volda Campus Sparebank1 Arena.

Reguleringsplan for E39 Volda - Furene

Ny trasé for E39 med tunnel mellom Volda og Furene er regulert i områdereguleringa for E39 Volda-Furene (markert som 3 i figur 3), vedtatt i 2018. Det er i reguleringsplanen lagt opp til to tunnellop. Statens vegvesen ser no på alternative kostnadssparande løysingar i prosjektet, medrekna reduksjon til eitt tunnellop. Dersom prosjektet blir realisert slik som regulert, vil det få innverknad på den trafikale situasjonen på høgskuleområdet ved at ein stenger tilkomst til campus i søraust og at vegarealet nær campus får eit endå meir utprega «vegpreg» enn i dag. Planen legg også til rette for ein ny og tydeleg busstopp ved tilkomst til HVO og nye gang- og sykkelvegsamband.

Relevante føringar frå planen:

- Reguleringsplan stiller krav til detaljregulering av fleire område, deriblant BOP1, også kalla Rotevasstomta. Tomta er i bruk i dag til mellombels parkeringsplass medan mediehuset og VCA er under oppføring.
- Område BOP1 og BOP2 er sette av til formål offentleg og privat tenesteyting for å sikre utvidingsareal for høgskulen og kommunen sine behov for ulike utbyggingsformål. Områda kan ikkje byggast ut før etter at ny E39 er bygd ut.
- Reguleringsplanen viser nye gang- og sykkelvegar i samband med ny rundkøyring aust for høgskuleområdet, samt nye kollektivhaldeplassar sør for Ivar Aasen-huset.
- Ny veg med fortau (o_SFO8) i Nytnun.
- Delar av området vist som BOP1 er sett av til mellombels anleggs- og riggområde. Delar av nordsida i område BOP1 er sett av som omsynssone 310 ras- og skredfare.

2.3.3 Landskap og naturverdi

Volda er lokalisert på austsida av Voldsfjorden, og tettstaden ligg i ein typisk skålforma fjorddal. Høgskuleområdet ligg i landskapsregionen 22 kalla Midtre bygder på Vestlandet (NIJOS, nasjonalt referansesystem for landskap). Landskapet er karakterisert av store fjordløp og mellomstore fjellområde, bygningsmiljø tilknytte sjøen og tettstader i dalmunningar i møte med fjorden. På Sunnmøre er stupbratte alpine fjellformer meir vanlege, mens landskapet litt lengre nord har eit litt mildare uttrykk.

Campusområdet ligg mellom kote +64 til +51 moh, som eit aust-vestgåande belte i terrenget. To bekkeløp, Håmyrelva og Djupegrova, kryssar campus og går ned mot fjorden og Volda sentrum. Volda er omkransa av grøne omgivnader, og frå høgskuleområdet er det utsikt over spektakulær natur med fjord, fjell og grøne dalar.



Figur 4 Analysekart som viser blågrøn struktur. Illustrasjon: Link arkitektur

Det er ikkje registrert noko spesielt landskapsvern eller naturvern på høgskuleområdet. Nokre truga artar er registrerte på campus, som større tre av typen alm og ask. Det er også registrert fleire framande artar på campus slik som hagelupin og platanlønn. I samsvar med gjeldande regulering skal det i størst mogleg grad takast vare på verdifull vegetasjon.

2.3.4 Bygningsstruktur

Husa på høgskuleområdet er oppført i åra 1922-2021. Først som ei klynge med utspring i Henrik Kaarstad-huset frå 1922. Ei ny klynge kom rundt distriktshøgskolen med utspring i Ivar Aasen-huset frå 1972. Etter at Berte Kanutte-huset kom i 1998 vart dei to klyngene bundne saman og ein ser at høgskulehusa ligg som eit band, nesten som eit slags rekketun, i tettstadlandskapet.

I kommunens «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» blir det gitt ei oversikt over ei rekke av bygningsmiljøa i Volda. Campusområdet fell inn under området kalla «skuleløypa» i denne planen. I rettleiaren beskriv ein husa slik: «Bygningane er frå forskjellige tidsepokar, dei har hatt ulike funksjonar og forskjellig standard. Dei fleste er i bruk til undervisningsføremål i dag, andre ikkje. Nokre har stor verdi, andre har mindre verdi. Til saman fortel denne bygningsmassen og dette området historia om skulestaden Volda». «Skuleløypa» er beskrive som Høgskulen sine hus, Volda vidaregåande skule, Øyra barneskule, Gamlegymnaset og Volda ungdomsskule.

Stadsanalysen for campusområdet viser at fagmiljøa i stor grad har sine hus, mens fellesfunksjonar er i hovudsak samla i Berte Kanutte-huset. Denne organiseringa blir vidareført med etablering av nytt hus til mediefaga. Inngangar er i stor grad koplå til gangvegnettet internt på campus.



Figur 5 Berte Kanutte-huset er eit langstrekt hus som bind saman sør-austre del av høgskuleområdet med nord-vestre del. Bildet vart teke før bygginga av Volda Campus Sparebank1 Arena starta. Foto: Link arkitektur

2.3.5 Uteareala og møteplassar ute

Uteareala er gjennomgåande opne med plen og nokre større tre. Anlegget blir opplevd som ryddig og godt skjøtta. Langs med bekkeløpa er det meir fritt og variasjon i vegetasjonen med buskar og tre. Prydhagen, utanfor Henrik Kaarstad-huset, gir variasjon til uteområda med ein historisk hage der det er lagt til rette for noko opphald. Området med ballbanene og leikeområdet ved Nedretun blir brukt av både høgskulen, Øyra skule og folk i nærområdet. Utanfor Berte Kanutte er det laga eit opphaldsareal utanfor kantina, og det blir brukt. Med auka utbygging på og rundt campus er dei grøne areala under press, samtidig som det blir lagt inn nokre nye uteopphaldsareal i samband med mediehuset. Det er i liten grad lagt til rette for fysisk aktivitet eller møteplassar gjennom møblering og utforming i uteområda. Uteområda har potensiale til å innby meir til opphald og vere trivselsskapande for både studentar og tilsette.

2.3.6 Vatn og grunn

Store delar av Volda sentrum er flaumutsett langs bekkeløpa frå fjellet eller frå Rotevatnet. Begge sider av Håmyrelva er markert som aktsemdsomsråde for flaum i NVEs kart. Området mellom Berte Kanutte-huset og Idrettsbygget er i same database merka som aktsemdsomsråde for flaum- og jordskred. Utbygging for ny idrettshall og svømmehall sør for Berte Kanutte-huset fører til ei omlegging av bekkeløpet Djupegrova, og det er i reguleringsplanen blant anna sett krav til flaumsikring av nybygg.

Volda kommune skal gjere tiltak for å unngå skadar frå framtidige flaumar Volda. Eit av dei viktigaste tiltaka inneber bygging av ein overføringskanal til Heltneelva for å redusere flaumfare i bekkane gjennom Volda sentrum, medteken høgskuleområdet. Utbyggingar i nærleiken av bekkeløpa må



Figur 6 Håmyrelva. Foto: Link arkitektur

sikre god overvasshandtering med krav til fordrøying, blågrøn faktor og klimatilpassing, attåt å vere til rettelaugt med tanke på flaumtryggleik.

Område på campus ligg innanfor areal registrerte som faresoner for jord- og flaumskredfare (NVE). Dette vil seie at framtidige utbyggingar må vurderast med tanke på skred og flaumfare spesielt. Det er registrert faresoner for skred i bratt terreng i område rundt Håmyrelva.

2.3.7 Kulturhistorie og kulturverdi

Volda har ei lang og rik fortid som formell skulestad. Lærerutdanninga blei først etablert i 1861. I 1895 etablerte Henrik Kaarstad sammen med Aage Stabell «Voldens Privatseminarium». Kaarstad blei den sentrale institusjonsbyggaren og det eldste huset på høgskoleområdet eldste hus er oppkalla etter han. Huset stod ferdig i 1922, i nyklassisk stil. Henrik Kaarstad-huset (inkludert nyare tilbygg) blir i dag brukt av kulturfag, humanistiske fag og lærarutdanninga.

Huset og parken har kulturhistorisk verdi som lærarskule oppført i ein utdanningshistorisk viktig periode og som eit anlegg som har tidstypiske kvalitetar som er godt bevarte. Eigedomen er derfor med i Landsverneplan for Kunnskapsdepartementet i verneklasse 2. Verneklasse 2 tyder at hovudbygg og park er registrert som eit etatsinternt vern, som sektoren har forplikta seg til via landsverneplanen, men er ikkje eit vern gjennom kulturminnelova.



Figur 7 Henrik Kaarstad-huset frå 1922. Foto: Link arkitektur

Utearealet som omkransar skulebygget vart etablert samtidig med Henrik Kaarstad-huset i 1920–22. Uteområda på campus er i dag delt inn i terrassar med plenskråningar som overgangar. Skuleeigedomen vart opphavleg opparbeidd med småbruk, parkanlegg og skulehage. Den verna parken framfor hovudbygget er eit viktig arkitektonisk element ifølgje forvaltningsplanen for det kulturhistoriske ved HVO. Formålet bak vern av parken er «å ivareta parkens betydning for opplevelsen av den monumentale hovedbygningen og bevare parken som dokumentasjon på jord- og hagebrukshistorie ved lærerskolen». Mykje av parken er lik som då han vart laga i 1920, berre med nokre forenklingar og endringar på 1960-talet og 1980-talet.

Henrik Kaarstad-huset og prydhagen er viktige delar av høgskuleområdet. Arealet mellom Henrik Kaarstad-huset og prydhagen er i dag ein asfaltert parkeringsplass. Ei oppgradering av dette arealet kan bidra til å fremje dei kulturhistorisk viktige delane av campus. I samsvar med Volda kommune sin "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" er Idrettsbygget frå 1963 og Berte Kanutte-huset nemnde som hus med høg lokal verdi.

2.3.7 Oppsummering

Kartlegginga av dagens situasjon viser at høgskuleområdet ligg relativt sentralt i Volda, men at det ikkje er så enkelt å finne fram mellom sentrum og høgskulen. Det er heller ikkje så enkelt å lese samanhengane internt på høgskuleområdet. Årsakene er fleire. Høgskuleområdet er langstrekt med avstand mellom husa, det ligg integrert i tettstaden, skiltinga er mangelfull og sambandet mellom husa er vanskeleg å lese. Høgskuleområdet har flotte grønne plenar og parkområde, og bekkar som gir liv og variasjon. Uteområda blir lite brukt til aktivitet og opphald, noko som kan skuldast både veret og mangel på aktiviserande innhald. Henrik Kaarstad-bygget med parken er eit historieforteljande element som er viktig for heile høgskulen.

Om det skal byggast nye hus på høgskuleområdet i framtida må ein vere merksam på handtering av overvatn og flaumsikring. Gjeldande reguleringsplanar opnar for ny utbygging fleire stader.

2.4 Mobilitet

2.4.1 Funn frå reisevaneundersøking ved HVO

Hausten 2019 vart det gjennomført ei reisevaneundersøking av firmaet Multiconsult (Vedlegg 3) med HVO sine tilsette og studentar som viste at:


- Tilsette hovudsakleg vel å reise med bil til campus
- Ei hovudvekt av studentane vel å gå til campus
- Delen studentar som vel å køyre bil til og frå campus blir også vurdert som høg
- Dei tilsette sine reisevanar liknar gjennomsnittet for befolkninga elles i Møre og Romsdal når det gjeld bruk av bil
- Dei fleste av respondentane som reiste med bil til og frå campus i dag, gjer det fordi bil tar kortast tid

Også enkelte av studentane og dei tilsette som bur innan gangavstand til campus, køyrer bil. Hovudårsakene som blir oppgitt er at dei skal andre ærend eller at bilkøyring er meir komfortabelt. Truleg er også grunnen til at fleire køyrer bil, knytt til lange avstandar og mangel på andre alternativ frå bustad til campus.

Reisevaneundersøkinga viser at 3 % av dei tilsette og 5 % av studentane har kollektivtransport som sitt primærreisemiddel i sommarhalvåret og i vinterhalvåret er det 4 % av dei tilsette og 5 % av studentane som brukar kollektivtransport. Mange svara at eit dårleg kollektivtilbod er årsaka til val av bil som primærreisemiddel (61 % tilsette og 55 % studentar). På spørsmål om kva tiltak som ville føre til auka bruk av kollektivtransport, svara mange av både studentar og tilsette at fleire avgangar og lågare prisar ville vore gode tiltak. Ein stor del svara også at det ikkje er kollektivdekning der dei bur (29 % studentar, 43 % tilsette).

Både i sommar- og vinterhalvåret vel omtrent halvparten av studentane å gå eller jogge til og frå campus. Men delen som vel sykkel er låg, med ca. 2–4 %. 25 % av dei tilsette vel primært å gå eller jogge. Delen syklistar blant dei tilsette er 8 % i sommarhalvåret og 3 % i vinterhalvåret. Dette er ein

høgare del enn den vi ser for studentane. Samanlikna med kva den samla befolkninga i Møre og Romsdal, ser vi at delen som vel å gå ved HVO er relativt høg, både for studentar og tilsette. Delen studentar som svarar at dei sykklar til høgskulen er lågare enn den gjennomsnittlege sykkel delen i fylket.



Figur 8: Fordeling av respondentane på primærreisemiddel til HVO. Kjelde: Reisevaneundersøkinga for HVO, 2019, utført av Multiconsult.


På spørsmål om tilgang til transportmiddel svarta berre 28 % av studentane og 37 % av dei tilsette i undersøkinga at dei har tilgang på sykkel. Til samanlikning eig eller disponerer 75 % av den norske befolkninga sykkel (Nasjonal RVU). Talet som eig sykkel blant respondentane er svært lågt, særleg blant studentane. Undersøkinga viser vidare at både studentane og tilsette svarar at god helse og

miljøet er viktige årsaker til å gå, jogge eller sykle. I tillegg er det mange studentar som svarar at dei ikkje eig bil (49 %), at det er best økonomisk (71 %) og tar kortast tid (56 %). 57 % av dei som svarar at dei går, joggar eller sykklar, bur nærare enn 1 km frå høgskulen.

2.4.2 Parkering


Det er i dag ca. 441 parkeringsplassar på og i nærleiken av campus, av desse ligg 247 på Statsbygg sin eigedom og resten (194) ligg på Volda kommune sin eigedom. Alle parkeringsareal er gratis, utan krav til bilregistrering eller kjøp av parkeringskort el. Plassane er med nokre få unntak ikkje reservert og blir sannsynlegvis brukte både av tilsette ved Øyra skule, Volda vidaregåande skule og HVO. Parkeringsnorma i Volda kommune er 0,5 plassar pr. tilsett og 0,05 plassar pr. student. Dette gir eit behov for 274 parkeringsplassar på Statsbygg sin eigedom. Underdekninga hos HVO/Statsbygg er i dag på 27 plassar.

Reisevaneundersøkinga viser at det er stor forskjell på korleis studentar og tilsette opplever eksisterande parkeringsdekning. Dei tilsette syntest dekninga var tilfredsstillande, mens studentane oppfatta den som låg. Dette kjem mest sannsynleg av at dei tilsette kjem på jobb tidlegare på dagen enn studentane. Auka parkeringsdekning var eitt av enkelttiltaka knytt til mobilitet studentane vurderte til å ha størst positiv innverknad på kvardagen deira. Fleire sa også at dei har fritidsaktivitetar som krev tilgang til bil, som kan vere ei mogleg forklaring på at bildelen blant studentane er høg.



Figur 9 Oversikt over tal parkerte bilar ved dei ulike parkeringsplassane ved HVO måndag 20. januar 2020.

I januar 2019 vart det gjennomført teljingar av parkerte bilar på høgskuleområdet på ein tysdag og ein torsdag med antatt full aktivitet ved høgskulen. Teljinga viste at dei fleste plassane på og rundt campus var fullt belagt midt på dagen og at det også vart parkert utanfor merkte plassar. Sommaren 2019 starta bygginga av Volda Campus Sparebank1 Arena og mediehuset opp. Konsekvensen for parkeringssituasjonen er at hovudparkeringsplassen ved Joplassvegen og parkeringsplassane ved Hans Strøm ikkje er tilgjengelege lenger. Ein mellombels parkeringsplass er etablert på Rotevasstomta. Den samla parkeringskapasiteten er redusert frå ca. 441 plassar til ca. 433 plassar. I januar og februar 2020 vart teljingane gjentatt, men denne gongen vart det også talt bilar på ein måndag og ein fredag. Resultata viser at på måndagen var det parkert heile 458 bilar på campus, tysdag 409 bilar, torsdag 391 bilar og fredag 320 bilar. På alle dagar var det parkert bilar utanfor merkte plassar, men aller flest var det på måndag.



Figur 10 Oversikt over tal parkerte bilar ved dei ulike parkeringsplassane ved HVO fredag 7. februar 2020.

2.4.3 Kollektivtrafikk

Volda og Ørsta kommune har saman med fylkeskommunen, sett ned ei samarbeidsgruppe for å arbeide med kollektivtilbodet. Det er blant anna gjennomført ei brukarundersøking som viser at kollektivtilbodet blir opplevd som vanskeleg lesbart og at bilbruken er høg. Det viste også at kollektivtilbodet mellom Ørsta og Volda er betre enn til andre nabokommunar.

Rutebilstasjonen i Volda sentrum er i dag omstigningspunkt mellom regionale og lokale rutebussar. Rute 340 er lagt opp som ei einvegskøyrd ringrute til og frå HVO, Volda vidaregåande skule og sjukehuset. Frå sentrum køyrer han forbi sørsida av campus med busstoppet «Høgskulen i Volda» ved rundkøringa. Tilbake mot sentrum stoppar han nord for Henrik Kaarstad-bygget på stoppet «Kårstad». Bussen kan seiast i hovudsak å ha ein regional funksjon med avgang ein gong i timen, som ved nokre avgangar har endestopp i Ørsta. For strekket mellom sentrum og campus vel mange sannsynlegvis å gå framfor å ta denne bussen. Tilbodet blir opplevd som fragmentert og lite lesbart. I samanheng med reguleringsplan for E39 er det planlagt nye busshaldeplassar sør for Hans Strøm-huset.

2.4.4 Gåande og syklande

Med HVO som utgangspunkt ligg heile tettstaden Volda innanfor ein radius på 10 minutt sykkling med moderat fart, 17 km/t. Det er hovudsakleg lagt opp til blanda trafikk, men det ligg føre planar om å legge til rette for sykling ved å etablere fleire sykkelfelt. Det er fleire moglege gangveggar til sentrum, og tida er estimert til 10 minutt til sentrum frå campus, og 12 minutt motsett veg på grunn av stigning. Strekninga er ca. 900 meter lang, med ei stigning på ca. 35 meter. Dei fleste studentbustadene ligg innanfor ein avstand på mellom 650 meter og 1 km frå Berte Kanutte-huset på campus, utanom Røysmarka studentheim som ligg berre 200 meter frå campus. Studentfunksjonar og attraktive treffpunkt i Volda som studentsamskipnadskontoret, Studenthuset Rokken, Volda stadion og Årneset ligg innanfor ein radius på 1,3 km. Nokre stader ved campus har utfordringar knytte til trafikktryggleik og kryssingar for gåande og syklande. Dette gjeld spesielt kryss over Skjervavegen, mellom idrettsbygget og Henrik Kaarstad-huset og kryssingar av E39 for å gå til kontoret til studentsamskipnaden.

Det er i dag 158 sykkelparkeringsplassar (49 av desse med tak) på campus. Nokre av desse er i tilknytning til hus med garderobar. I samband med nytt mediehus blir det lagt til rette for både nye sykkelparkeringsplassar utanfor inngangen, men også eit sykkelparkeringshus med 50 plassar. Sett opp mot kommunen sitt krav er sykkelparkeringsdekninga låg, og vil heller ikkje dekkast når dei planlagde sykkelparkeringsplassane er etablerte. Med totalt 238 plassar vil omlag halvparten av kommunen sitt krav vere oppfylt. Kravet er 2 plassar per 10 tilsette/student.

2.4.5 Oppsummering

På nokre dagar er parkering ei utfordring på høgskuleområdet. Reisevaneundersøkinga viser at ein stor del av studentar og tilsette vel å køyre bil til arbeids- og studiestaden. Hovudårsakene som blir oppgitt er at dei skal andre ærend eller at bilkøyring er meir komfortabelt. Truleg er også grunnen til at fleire køyrer bil, lange avstandar og mangel på andre alternativ frå bustad til campus. Men også enkelte av studentane og dei tilsette som bur i gangavstand til campus, køyrer bil. Kollektivtilbodet er avgrensa og lokalruta i Volda er vanskeleg å lese. Samstundes ligg både studentbustadene og sentrum berre 10-12 minutt gange frå høgskulen, slik at det er gode høve til å gjere det meir attraktivt å sykle og gå.

2.5 Bygningsmassen på campus

For å få oversikt over dagens bygningsmasse er det utført ei funksjonskartlegging av Lerche arkitekter. I tillegg til dette har arbeidsgruppa for bygningsmasse vurdert kor tenleg bygningsmassen er for HVO på bakgrunn av konstruksjonsprinsippet til kvart hus. Dagens bruk av areala er vurdert ved å gjennomføre ein analyse av timeplandata. Dette gir prosjektet informasjon om planlagt aktivitet i auditorium, undervisningsrom og grupperom. I tillegg til dette er det gjennomført ei teljing av personar som oppheld seg i grupperom, opne studentareal og fellesareal.

Tabellen under gir ei oversikt over husa på campus med bruttoareal og sortert etter leigeforhold. Resten av kapittel 2.5 handlar om hus i kategorien «areal til undervisning, arbeid og forskning.»

Tabell 2 Oversikt over husa som blir brukte av HVO sortert etter leigeforhold

Leigeforhold:	Areal (m ² BTA)	Bygg:
Areal der det blir betalt leige til Statsbygg	24.624 m ²	Areal til undervisning, arbeid og forskning: Berte Kanutte-huset (8.090 m ²) Idrettsbygget (3.913 m ²) Henrik Kaarstad-huset (5.345 m ²) Nye Kaarstad-huset 2002 (1.000 m ²) Nedretun (333 m ²) Hans Strøm-huset (4.204 m ²) Synnøve Riste-huset (1.543 m ²) Statsbyggs driftsentral (196 m ²)
Areal der det blir betalt leige til andre organisasjonar	3.889 m ²	Areal til undervisning, arbeid og forskning: B-paviljongen (154 m ²) D-paviljongen (270 m ²) Ivar Aasen-huset (2.415 m ²) Lettbygget (556 m ²) Areal til studentfunksjonar: Rokken studenthus Røysløda (200 m ²) Tussabygget (SiVolda) (194 m ²) Yksnøya naust (100 m ²)
Areal der det ikkje blir betalt leige	437 m ²	Areal til undervisning, arbeid og forskning: A-paviljongen (152 m ²) C-paviljongen (285 m ²)

2.5.1 Kartlegging av areal og funksjonar

Alle husa på campus er kartlagde etter bruk/funksjon per etasje som funksjonsareal pr. kategori. Funksjonsareal i kvart hus er summert opp i eit sirkeldiagram som viser det totale bruttoarealet til huset prosentvis fordelt. Diagram som viser funksjonsarealet til alle husa på campus er samla i eit oversiktskart. For detaljane i kartlegginga blir det vist til vedlegg 2.

Samla oversikt over funksjonsareal for alle husa på campus er vist i tabell 3. Kolonnen «2019» viser det samla funksjonsarealet slik det er i dag, hausten 2019, med dei funksjonsareala som mediefaga nyttar i Hans Strøm- og Ivar Aasen-huset. Kolonnen «2021» viser det samla bruttoarealet fordelt på funksjon for vedtatt situasjon for 2021, når det nye mediehuset er teke i bruk. Her er areala som Avdeling for mediefag nyttar i Hans-Strøm-huset i dag vist som arealpotensial (dvs. som blir frigitt til ny bruk), og areala til Ivar Aasen-huset er tatt ut.

Berte Kanutte-huset har høgast del fellesareal. Henrik Kaarstad-huset og Hans Strøm-huset, paviljongane og det nye mediehuset har størst del undervisnings- og spesialareal. Synnøve Riste-huset, Lettbygget og Nedretun har størst del arbeidsplassrelatert areal. Areala til undervisning, det vil seie undervisningsrelatert areal, auditorium, og spesialareal, utgjør til saman 34% av det totale bruttoarealet på campus. Ser ein isolert på areala til undervisning, ser ein at ein stor del av desse areala, 62%, er definert som spesialareal.

I 2021 vil det vere nærare dobbelt så mykje opne studentareal som i dag. Delen arbeidsplassrelatert areal er uendra, medan det undervisningsrelaterte arealet minkar ettersom undervisningsrom i Ivar Aasen-huset ikkje erstattast. Dette kan kompenseres ved å programmere nye undervisningsrom i dei fristilte areala i Hans Strøm-huset. Samstundes ser vi at spesialareala veks frå 2019 til 2021. På dei neste tre sidene er det laga faktaark for kvart hus på campus.

Tabell 3 Kategorisert funksjonsareal ^{1) 2)}

		Areal (m ²)	
		2019	2021
Arbeidsplassrelatert areal	Kontor, møterom og støttefunksjonar (kopirom, sosiale- og samhandlingssoner, lager, wc, osv.) for arbeidsplassen	5.734 (20%)	5.764 (19%)
Undervisningsrelatert areal	Generelle undervisningsareal, rettleiings- og grupperom og div. støttefunksjonar til undervisninga	3.194 (11%)	2.952 (10%)
Auditorium	Auditorium er skilt ut som ein eigen funksjon tilhøyrande undervisning	635 (2%)	635 (2%)
Spesialareal (undervisning)	Musikk- og dramarom, verkstader, studio, laboratorium og andre rom med spesielløysingar for lys, lyd, ventilasjon og spesialutstyr osv.	5.769 (21%)	6.355 (22%)
Opne studentareal	Opne sosiale gruppearbeidsplassar/studiesoner for studentar	150 (1%)	267 (1%)
Fellesareal	Kantine, bibliotek, bokhandel og studentorganisasjonar, møtepunkt og samhandlingssoner for studentar og tilsette	3.746 (13%)	3.692 (12%)
Driftsareal	Areal for drift av hus, varemottak, reinhaldsentral, driftskontor garasjar og lager	784 (3%)	800 (3%)
Ukategorisert areal	Kommunikasjonsareal, sjakter og tekniske rom	8.178 (29%)	8.441 (28%)
Arealpotensial	2019 og 2021: Areal som gjekk med til bassengbruk og som ikkje blir rive i idrettsbygget, er vist som eit arealpotensial for ny bruk. 2021: Vedtatt situasjon med nytt mediebygg, frigjorde areal i Hans Strøm-huset kategorisert som arealpotensial.	98	979 (3%)
Totalt		28.288	29.885

¹⁾ Areal som er øyremerkt til forskning, er ikkje kartlagt som ein eigen kategori, men inngår som arbeidsplassrelatert-, spesial- eller undervisningsareal.

²⁾ Bruttoarealet for eit hus er henta ut frå teikningar som er til rådvelde, og det kan vere mindre avvik frå areal som er målt opp på staden. Areala er avrunda.



Figur 11: Samla oversikt over fordeling av funksjonsareal for hvert hus på campus i 2019

Idrettsbygget




Areal: 3260m²
 Byggeår: 1962
 Siste ombygging: -
 Eier: Statsbygg

Gymsal, basseng og garderober. Bassenget stengte våren 2019 og bassengdelen av bygget skal etter planen rives.

Funksjoner og arealsammensetning

Hovedfunksjonen til Idrettsbygget er gymsal og garderober. Disse er kartlagt som spesialareal. En mindre del av arealet er kartlagt som undervisningsareal og fellesareal. Fellesareal er foajeen og kontor til studentorganisasjon i 1. etasje og studentparlamentets areal i underetasjen. Bassenget stengte våren 2019. Areal som inngikk til bassengbruk og som ikke rives, er kategorisert som arealpotensiale for ny bruk.



Henrik Kaarstad-huset




Areal: 6140m²
 Byggeår: 1922/1982
 Siste ombygging: 2016-18
 Eier: Statsbygg

Henrik Kaarstad-huset består av gamle Kaarstad fra 1922 og nye Kaarstad fra 1982. Bygningene er bundet sammen med et mellombygg. De fleste ansatte på Avdeling for kulturfag har sine arbeidsplasser i «Nye Kaarstad».

Funksjoner og arealsammensetning

I gamle Kaarstad er det i hovedsak undervisningsareal og noen åpne studentareal i korridorene. Nye Kaarstad huser flere spesialareal for kulturfag (musikk, drama og teater og kunst og handverk) samt arbeidsplassareal i øverste etasje, «Nyloftet» fra 2001.



Nedretun




Areal: 340m²
 Byggeår: 1982
 Siste ombygging: -
 Eier: Statsbygg

Nedretun er et lite kontorbygg i østre del av campus, mellom Henrik Kaarstad-huset og Berte Kanutte-huset.

Funksjoner og arealsammensetning

Her er bare arbeidsplassrelatert areal.



■ Arbeidsplassrelatert
 ■ Undervisningsrelatert
 ■ Auditorium
 ■ Spesialareal
 ■ Åpne studentareal
■ Fellesareal
 ■ Driftsareal
 ■ Arealpotensiale
 ■ Ukategorisert

Driftssentralen Statsbygg




Areal: 200m²
Byggeår: 2004
Siste ombygging: -
Eier: Statsbygg

Kontor- og verkstedsbygg til Statsbygg sine driftsansatte.

Funksjoner og arealsammensetning

Driftssentralen til Statsbygg er et rent driftsareal med garasjer, verksted og arbeidsplassfasiliteter for driftsansatte.



Berte Kanutte-huset




Areal: 8200m²
Byggeår: 1998
Siste ombygging: -
Eier: Statsbygg

Berte Kanutte-huset er lokalisert midt på campus og fungerer som knutepunkt i campusområdet.

Funksjoner og arealsammensetning

Bygget inneholder store fellesareal i form av kantine, bibliotek og areal for studentvelferd. Her er også undervisningsareal med to auditorier, generelle undervisningsrom og diverse grupperom. I toppetasjen er det arbeidsplassrelatert areal for fagansatte og sentraladministrasjon.



Synnøve Riste-huset





Areal: 1700m²
Byggeår: 2010
Siste ombygging: -
Eier: Statsbygg

Synnøve Riste-huset er et kontorbygg som ligger i tilknytning til Berte Kanutte-huset. De fleste ansatte på Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning har sine arbeidsplasser i Synnøve Riste-huset eller i umiddelbar nærhet i 2. etasje i Berte Kanutte-huset

Funksjoner og arealsammensetning

Det huset på campus med den høyeste andelen av arbeidsplassrelaterte areal og en liten del undervisningsrelatert areal i form av gruppe- /veiledningsrom. I 1. etasje er det hovedsakelig driftsareal.



Mediehuset




Areal: 3970m²
 Byggeår: Planlagt 2021
 Siste ombygging: -
 Eier: Statsbygg

Det nye mediehuset skal etter planen ferdigstilles i 2021. Mediehuset skal knyttes sammen med Hans Strøm-huset med et mellombygg. De fleste ansatte på Avdeling for mediefag får sine arbeidsplasser i det nye mediehuset.

Funksjoner og arealsammensetning

Her er det prosjektert en rekke spesialarealer (studios, redigerings- og klipperom osv.) og arbeidsplassrelaterte arealer for mediefag. Nær inngangen i 1. etasje er det lagt opp til åpne studentarealer, møterom sentralt på planet og et par grupperom, mens arbeidsplassrelaterte arealer er lagt langs fasaden mot sør og øst. Undervisningsarealer er lagt til 2. etasjen.



Hans Strøm huset




Areal: 4410m²
 Byggeår: 1984
 Siste ombygging: -
 Eier: Statsbygg

Hans Strøm-huset huser arbeidsplasser for de fleste ansatte på Avdeling for samfunnsfag og historie og de fleste spesialrom for undervisning i mediefag. Huset har også flere generelle undervisningsrom.

Funksjoner og arealsammensetning

I 1.- og 2. etasje er det undervisnings- og spesialareal, mens 3. etasje er forbeholdt arbeidsplassrelatert areal. Store deler av arealene i 2. etasje vil fristilles når Mediefagsbygget tas i bruk.



Ivar Aasen huset




Areal: 2390m²
 Byggeår: 1971
 Siste ombygging: -
 Eier: Volda kommune

De fleste ansatte på Avdeling for mediefag har sine arbeidsplasser i Ivar Aasen-huset. Huset inneholder også generelle undervisningsrom og spesialrom.


Funksjoner og arealsammensetning

Her er i det dag i hovedsak undervisnings- og arbeidsplassrelaterte arealer. Inneholder fem rom for generell undervisning. Blant disse fem finnes det største undervisningsrommet med flatt gulv på hele høyskolen. Bokhandelen i 1. etasje er definert som fellesareal.



■ Arbeidsplassrelatert
 ■ Undervisningsrelatert
 ■ Auditorium
 ■ Spesialareal
 ■ Åpne studentareal
■ Fellesareal
 ■ Driftsareal
 ■ Arealpotensiale
 ■ Ukategorisert

Lettbygget og Paviljongane



Lettbygget er eit lite kontorbygg med arbeidsplassrelatert areal


Paviljongane (A-D) er fire små hus nord for Hans Strøm-huset som i hovudsak fungerer som støttefunksjonar og ekstraareal. To av paviljongane (B og D) har berre arbeidsplassrelatert areal, mens dei andre to paviljongane (A og C) har både undervisnings- og spesialareal for Avdeling for mediefag.

2.5.2 Dagens bruk av areala


Dagens bruk av areala er kartlagt gjennom ein timeplananalyse og ei fysisk teljing av opne studentareal, fellesareal og grupperom. Detaljane kan lesast i «Vedlegg 4: Analyse av arealbruk.»

Timeplananalysen omfatta 1,5 års data frå høgskulen sitt romplanleggingsystem TimeEdit for undervisningsåret 2018–2019, pluss haustsemesteret 2019 og beskrev planlagt rombruk for auditorium, undervisningsrom og grupperom.

Bruksintensiteten per romtype per dag er berekna ved å berekne tal avtalte timar delt på timetalet per dag i kjernetida, her definert som kl. 08:30–15:30 (7 timar). Figur 12 viser bruksintensiteten fordelt på romtypene auditorium, grupperom og undervisningsrom veke for veke gjennom analyseperioden. Ved semesterstart og første halvdel av haustsemesteret ligg romma der det er undervisning tett opp mot, og enkelte veker over 75 %. Det reknar vi som full utnytting. Litt over midtvegs i semesteret er det eit skifte mot studentdriven aktivitet og grupperoma ligg opp mot full utnytting, mens bruken av auditorium og undervisningsrom er lågare. På vårsemesteret er det heilt på slutten av semesteret ein stor auke i tinginga av undervisningsareal i samband med eksamensavvikling.



Figur 12: Bruksintensitet veke for veke, fordelt på romtype



Figur 13: Gjennomsnittleg til personar til stades på ulike typar rom på tre teljetidspunkt (klokkeslett)

Mens timeplananalysen viste at romkapasiteten i periodane med høgast etterspørsel var fullt utnytta, for alle romtypar, viste han også ein tydeleg generell tendens til at det i mindre grad blir lagt undervisning til fredagar. Det må også takast høgde for at det blir overbooka, noko fleire tilsette ved HVO har rapportert i intervjuet som er nærmare omtalte i kapittel 3.3. Haustsemesteret 2019 var timeplanlegginga sentralisert med ein sentral timeplankoordinator. Samanlikna med haustsemesteret 2018 gav dette utslag i mindre variasjon i bruksintensiteten, høgare bruksintensitet på fredagar, men framleis full utnytting i periodane med høgast etterspørsel.

Resultata frå timeplananalysen vart brukt for å finne ein passande to-vekersperiode for å gjennomføre teljinga. Den fysiske teljinga vart gjennomført i ein to-vekersperiode mellom 21/11/19 og 05/12/19, med tre teljingar dagleg kl. 10:30, 13:30 og 15:30. Figur 12 viser at veke 49 og 50 i 2018 var perioden med høgast planlagd grupperomsbruk. Dette er midten av eksamensperioden for haustsemesteret og ein går ut frå at dette er ein periode der studentane førebear seg på eksamen ettersom dei siste eksamenane for året går 19/12/19. Dermed bør det vere ein periode med høg studentdriven aktivitet på campus.

Teljingane viste at grupperom, opne studentareal og fellesareal er godt brukte i eksamensperioden. Figur 13 viser gjennomsnittleg tal personar til stades i kvar på ulike typar rom fordelt på kvart teljetidspunkt. Med flest til stades kl.13:30 viser figuren at maksimalt tal personar til stades i desse romma er ein gong mellom 10:30 og 15:30. Kantine og bibliotek er store gravitasjonspunkt som begge ligg i Berte Kanutte-huset. Klokka 13:30 var gjennomsnitt 71 personar i biblioteket og 42 personar i kantina. Samanlikna med andre institusjonar i Noreg der Statsbygg har gjennomført liknande teljingar, er 42 personar i kantina, utanfor lunsjtid, svært høgt.

2.5.3 Vurdering av kor tenlege dei ulike husa er

Ei rekke av dei kartlagde areala kan fylle fleire funksjonar som ikkje krev ekstra himlingshøgde; opne studentareal, grupperom, mindre verkstader for studentaktive læringsformer og arbeidsplassrelatert areal. Det finst mindre areal med tilstrekkeleg etasjehøgde som er tenleg som stort undervisningsareal. Fleire av dagens spesialareal for kulturfag og mediefag kan ha potensial som generelle undervisningsareal om det blir lagt opp til sambruk. Areal som blir frigjorde i Hans Strøm-huset, er tenleg for ny bruk i samsvar med dei arealkategoriene HVO etterspør, som generelle undervisningsareal med flate golv, grupperom og andre areal for studentaktive læringsformer. Areala her er også tenlege til arbeidsplassrelatert areal og fellesareal. For detaljane frå analysen blir det vist til «Vedlegg 5 – Egnethetsanalyse bygningsmasse.»

Tabell 4 Oversikt hus, areal, etasjar, konstruksjon og vurderinga av kva dei er tenlege til

Hus	Etasjar og netto etasjehøgde	Konstruksjon	Tenleg til kva
Idrettsbygget	Tre etasjar	Berande søyler i ytterveggar, søyle-dragar konstruksjon med store spenn	Tenleg til spesialareal, garderobe og gymsal, fellesareal og noko undervisning
Henrik Kaarstad-huset	Tre etasjar +U etasje 3,5 m	Berande ytterveggar av betong, innvendig midtberande vegg, stålbjelkar og trebjelkar i etasjeskilje, med flytande golv av trinnlydsplate og sponngolv	Tenleg til undervisnings-spesialareal, fellesareal, og opne studentareal
Nye Kaarstad «Nyeloftet»	Tre etasjar 5,75 m i salar. 3-5.3 m i verkstader. 2,5-2,75 m i andre rom	Søyle/dragar-konstruksjonar med til dels store spenn. Yttervegg plasstøypet betong. «Sommarfugltak» over nordre del. Søndre del er bygd på med «Nyeloftet», lette stål-konstruksjonar og fagverk i tak.	Tenleg til spesialareal for drama, musikk og forming, og til undervisningsareal. Toppetasje/»Nyeloftet» er tenleg til arbeidsplassrelatert areal og fellesareal
Nedretun	Ein etasje + teknisk loft	Trebygg med berande ytterveggar og midtbering/ dragarar. Takstol av tre.	Lite fleksibelt hus, kan nyttast som dagens bruk – kontorarbeidsplassar
Driftssentral SB	Ein etasje + sokkel 2,4m u.et Skråtak 1,1–3,4 m 1 et.	Berande ytterveggar av betong og innvendig berande lettbetongblokker (Leca) i sokkel.150 mm bindingsverk yttervegg i øvste et. Lecaplank i etasjeskiljet i garasjedel, tre i opphaldsdel. Isolert pulttak i tre midtbering limtredrag	Tenleg til driftsareal. Kan vere tenleg til ulike typar fellesareal, alternativt student-/undervisningsareal som verkstader og «Skaparverkstad»
Berte Kanutte-huset	Fire etasjar Varierande etasjehøgder frå 2,4–3,7 m	Samansett konstruksjonskonsept, søyler, prefabrikkert betongdekke og plasstøypete dekke. Fagverk i tak i toppetasjen.	Tenleg til fellesareal, opne studentareal og undervisning
Synnøve Riste-huset	Tre etasjar 3,4 m	Søyler og dragarar plasstøypet betong i 1et.	Tenleg til arbeidsplassareal, fellesareal, opne studentareal og grupperomundervisning
Hans Strøm-huset	Tre etasjar 3 m	Søyle-/ dragekonstruksjon	Tenleg til fellesareal, opne studentareal undervisning og arbeidsplassareal.
Lettbygget	Ein etasje	Bindingsverk, berande ytterveggar og midtbering/ dragarar. Takstol av tre	Lite fleksibelt hus kan nyttast til dagens bruk - kontor
Paviljongane A, B, C og D	Ein etasje D: +u.et	Bindingsverk, berande ytterveggar og midtbering/ dragarar. Takstol av tre	Lite fleksible hus, kan nyttast til dagens bruk – kontorarbeidsplassar.
Nytt mediehus	To etasjar		Tenleg til prosjektert bruk – spesialareal til mediefag og til generelle undervisningsareal, fellesareal og opne studentareal

2.5.4 Oppsummering

- Dagens campus er prosentvis godt dekt med undervisningsareal, men delen spesialareal for undervisning er større enn delen generelle undervisningsareal. HVO er klar over denne situasjonen, og kartlegginga stadfestar dette forholdet. Timeplananalysen viser vidare at kapasiteten på generelle undervisningsareal er under høgt trykk.
- Delen opne studentareal er svært låg, berre 1 %. HVO er i prosess med å legge til rette areal for denne bruken i fleire av husa.
- Delen fellesareal varierer ut frå erfaring mellom dei ulike høgskulane, der areala til kantine og bibliotek er utslagsgivande. Teljingane viste vidare at desse areala er populære og mykje brukte.
- Delen arbeidsplassrelatert areal ligg prosentvis i nokolunde same storleik som for høgskular ein kan samanlikne seg med.
- Lettbygget og paviljongane høver til dagens bruk, men på grunn av konstruksjonsprinsippet er dei vurdert til å ikkje vere tenlege til anna bruk. Dei er derfor lite fleksible og potensialet for oppgradering er derfor lavt. Paviljong A og C er vidare forvalta av høgskulen sjølv. På lengre sikt kan HVO vurdere å avslutte bruk av paviljongane og Lettbygget. Desse areala kan erstattast ved å bygge om noko av dei eksisterande husa om mogleg, eller dei kan erstattast med ny, større og meir fleksibel bygningsmasse.

3 Utviklingstrekk og behov

3.1 Overordna politiske føringar

Under gjer vi greie for dei mest relevante overordna politiske mål, lover og forskrifter som har relevans for campusplanlegging. Lov og forskrift om hus er rekna som rammevilkår, og er ikkje omfatta av denne oversikta.

Føringar	Tittel
Lover og forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> • Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) • Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) • Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften) • Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning • Utretningsinstruksen
Politiske føringar	<ul style="list-style-type: none"> • Meld. St. 16 (2016-2017) Kultur for kvalitet i høyere utdanning • Meld. St. 4 (2018–2019) Langtidsplan for forskning og høyere utdanning (2019–2028) • Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet - Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren • Meld. St. 18 (2016-2017) Bærekraftige byer og sterke distrikt • Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (26.9.2014)

Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskolelova)

I lova § 4-3. Læringsmiljø er det fastsett føresegner for læringsmiljøet på institusjonane, medrekna det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet. Det er bl.a. i punkt a) lagt fast at i utforminga av det fysiske arbeidsmiljøet skal, så langt det er mogleg og rimeleg, sørgast for at lokale, tilkomstvegar, trapper mv. er dimensjonerte og innreidde for den verksemda som skal drivast.

Læringsmiljøet på institusjonane skal vere fullt forsvarleg ut frå ei samla vurdering av omsynet til helse, tryggleik og velferd for studentane. I utforminga av det fysiske arbeidsmiljøet skal det, så langt det er mogleg og rimeleg, også sørgast for bl.a. at lokala har gode lys- og lydforhold og forsvarleg inneklime og luftkvalitet og at læringsmiljøet er utforma etter prinsippet om universell utforming. Departementet kan i forskrift gi utfyllande føresegner om krav til læringsmiljøet.

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova)

Lova definerer blant anna generelt nivå for tryggleik for arbeidstakarar. Formålet med lova er å sikre eit arbeidsmiljø som gir grunnlag for ein helsefremjande og meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og med ein velferdsstandard som til ei kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utviklinga i samfunnet.

Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskrifta)

I studietilsynsforskrifta § 2-2. Krav til studietilbodet, fjerde ledd er det slått fast at studietilbodet sitt innhald, oppbygging og infrastruktur skal vere tilpassa læringsutbyttet for studietilbodet. I merknader til § 2-2-, fjerde ledd, blir dette utdjupa: «Med infrastruktur menes egnede lokaler, utstyr, bibliotektenester, administrative og tekniske tenester, tilstrekkelige og egnede IKT-ressurser, nettstøtte, egnet læringsplattform etc. som understøtter studentens læring og læringsmiljø og den faglig ansattes undervisning og forskning og/eller kunstneriske utviklingsarbeid og faglige utviklingsarbeid.»

Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning

I forskrifta § 3-5. Akkreditering av institusjoner punkt 3 er det fastsett at organiseringa av og infrastrukturen ved institusjonen skal vere tilpassa verksemda. I merknader til § 3-5 i forskrifta. Akkreditering

av institusjon er dette utdjupa: «Viktige elementer ved institusjonenes organisering og infrastruktur som skal være oppfylt er bl.a. at institusjonene skal ha et tilfredsstillende bibliotek, tilfredsstillende forelesningssaler, utstyr, leseplasser, grupperom osv.»

Meld. St. 16 (2016-2017) Kultur for kvalitet i høyere utdanning, jf. Innst. 364 (2016-2017)

Ambisjonen med meldinga er å stimulere til utvikling av ein sterkare kvalitetskultur og ei tydelegare leiing i norsk høgare utdanning. Meldinga understrekar at det fysiske læringsmiljøet ved universitet og høgskular er eit viktig verkemiddel for å oppnå kvalitet i forskning og høgare utdanning. Vidare at måten husa blir utforma og brukte på, har mykje å seie for kva slags læringsformer og samhandlingsmønster som utviklar seg. Fordi det er dyrt å bygge og drifte hus, er det også grunn til å sørge for god utnytting av areala.

Meld St. (2018 – 2019) Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2019-2028

I langtidsplanen blir det slått fast at hus, utstyr og annan infrastruktur er grunnleggande innsatsfaktorar for å nå dei overordna måla for forskings- og utdanningspolitikken. Det blir presisert i meldinga at langsiktig og strategisk arbeid med hus og areal må sjåast i samheng med institusjonane sine samla strategiar, mål, planar og prioriteringar, og at styra er ansvarlege for at lokale er dimensjonerte og innreidde for verksemda ein driv. Før institusjonane melder inn behov for hus og areal til Kunnskapsdepartementet, skal dei ha vurdert korleis byggebehovet samsvarer med den overordna strategien for institusjonen. Meldinga understrekar vidare at investeringar i universitets- og høgskulebygg skal vere kostnadseffektive, men samtidig bidra til klima- og miljøvenlege løysingar. Effektiv utnytting og endring i eksisterande lokale skal alltid vurderast som alternativ til nybygg.

Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet - Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren, jf. Innst. 348 (2014-2015)

Strukturreforma skal styrke kvaliteten på utdanning og forskning og gjere fagmiljøa sterkare. Strukturen må også legge til rette for at ressursane i sektoren i størst mogleg grad blir brukte på utdanning og forskning. Meldinga slår fast at tilgangen til høgare utdanning skal vere god over heile landet, og den regionale rolla til universiteta og høgskulane skal vidareutviklast.

3.2 Utviklingstrekk

3.2.1 Strategisk campusutvikling

I Langtidsplanen for høgare utdanning og forskning (2018-2019) er hus- og campusutforming framheva som verkemiddel og innsatsfaktor for å bidra til høg kvalitet i forskning og høgare utdanning. Ein campusutviklingsplan skal vere eit tenleg verktøy for å gjere dei riktige prioriteringane i tråd med institusjonane si langsiktige strategiske utvikling. Han skal òg vere eit verktøy for å sørge for ein god og rasjonell bruk av campus.

Kvalitet i utdanning og forskning handlar i stor grad om gode studieopplegg, forskning og lærekrefter. Utdanning har blitt ein internasjonal konkurransemarknad. Rundt omkring i verda ser vi i aukande grad at attraktive og gode hus og høgskuleområde blir ein potensiell konkurransefordel i kampen om dei beste studentane og forskarane. Det blir satsa meir enn før på å heve kvaliteten også på dei fysiske omgivingane. I Danmark har ein til dømes vedtatt ei campuslov og utvikla ein eigen metodikk for campusplanlegging.

Gjennom ein campusutviklingsplan blir både aktiviteten ved høgskulane, samhandlinga med lokal-samfunnet og dei fysiske omgivingane vurderte og tiltak blir foreslått.

Ein god høgskule har høg kvalitet på studietilbod og forskning, og ein god campus er ein stad der folk finn seg til rette og bruker aktivt for å studere, men også for å vere i lag med studiekollegaer. Då må det vere fleire møteplassar inne og ute og gode areal for læring. Ein god campus er open også for innbyggjarane i samfunnet rundt, og området bør samhandle tett med næringsliv og lokalsamfunn.

3.2.2 Læringsformer, teknologi og utforming av hus og uteområde

Universiteta og høgskulane sine læringsformer er i endring:

- Meir fjernundervisning og MOOC (massive open online courses); ikkje alle studentar er på campus kvar dag
- Meir bruk av teknologi i undervisning og oppgåveløysing
- Mindre bruk av lesesalar, meir bruk av grupperom, meir behov for uformelle møtestadar i «mellomromma».
- Meir studentaktive undervisningsopplegg
- Meir etter- og vidareutdanning

Talet på studentar som tar etter- og vidareutdanning (livslang læring) er framleis relativt lite, men her er det venta vidare vekst i etterspørselen. Tidspunktet for undervisninga, og måten undervisninga går føre seg på, vil vere annleis i vidareutdanninga enn for heiltidsstudentar. Det vil her vere meir aktuelt med kvelds- og helgeundervisning og meir bruk av fjernundervisning basert på IKT.

Det er høgare forventningar i utdanningssektoren til studentaktive læringsformer. I Meld. St. 44 – «Kultur for kvalitet» står det: «Læring er en aktiv prosess som skjer i samspill og samproduksjon mellom studenter og undervisere og studenter imellom, og ikke ved at studentene passivt mottar informasjon» (s. 51). Dette krev rom som legg til rette for diskusjon og samarbeid, både fysisk og virtuelt.

Dei nemnde endringane har følgjer for korleis hus og uteområde blir utforma. Hus og uteområde bør vere tilpassa den forma for undervisning og bruk som til kvar tid er aktuell.

3.2.3 Prognosar for utvikling i talet på studentar og tilsette

Ifølgje langtidsplanen for forskning og høgare utdanning har Noreg til liks med andre OECD-land opplevd ein kraftig vekst i høgare utdanning. I 1970 var det om lag 50 000 studentar i Noreg. I 2017 hadde talet auka til 257 000. Talet på studentar har auka med 37 % i perioden 1997–2016, mest i det siste tiåret. Talet på tilsette auka med 63 % i same periode. Behov for auka kapasitet er viktig for utvikling av campus, infrastruktur og velferdstilbod som studentbustader og transport. Ifølgje langtidsplanen er det likevel ikkje sikkert at aktivitetsvekst vil vere ein like stor drivar for utbygging og rehabiliteringar i åra som kjem. Blant anna har Noreg hatt stor reduksjon av barnefødselar dei siste åra, noko som vil gi historisk små ungdomskull om 20 år. SSB sine framskrivingar av personar i alderen 18–25 år viser at talet på studentar i studiealder er forventa å falle fram mot 2040, for så å auke noko att. I eit 40 års-perspektiv er talet relativt stabilt.

Høgskulen i Volda har hatt ein stor auke i talet på studentar og tilsette sidan høgskulen vart oppretta gjennom samanslåing av Volda lærarhøgskule og Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda, i 1994. I perioden 1997–2016 har Høgskulen i Volda hatt ein studentvekst som er noko høgare enn for sektoren totalt sett, mens veksten i talet på tilsette er noko lågare. Talet på studentar på Høgskulen i Volda har auka med 44 % i perioden, mens talet på tilsette auka med 56 %. Til liks med resten av sektoren er det ikkje forventa at veksten skal fortsette framover. Befolkningsveksten i regionen er låg. HVO har ikkje

gjennomført formelle framskrivingar eller prognosar på talet på studentar og tilsette, men leiinga ved HVO ser for seg stabilitet i studentmassen i framtida.

HVO er blant institusjonane i sektoren som har lågast inntekt per fagtilsett gjennom bidrags- og oppdragsaktivitet. Denne aktiviteten har ikkje auka i særleg grad dei siste åra. Styret ved HVO har sett i verk tiltak for å auke aktiviteten. Vidare ser ikkje HVO at det vil kome fleire konkurrerande aktørar til det faglege tilbodet deira. Basert på dette trur vi ikkje det er sannsynleg med redusert aktivitet ved HVO. Spørsmålet er heller om aktivitetsnivået vil halde seg som i dag eller om det kan forventast vekst.

På landsbasis er det ikkje forventet vekst i talet på personar i studiepliktig alder. Derfor kan vi ikkje legge ein generell aktivitetsvekst til grunn. Vidare er befolkningsveksten i regionen låg. HVO har ikkje gjennomført formelle framskrivingar eller prognosar på talet på studentar og tilsette, men leiinga ved HVO ser for seg stabil studentmasse i framtida. Oppsummert legg vi til grunn for campusutviklingsplanen at talet på tilsette og studentar ved HVO held seg på omtrent same nivå som i dag i eit 20 års-perspektiv.

3.2.4 Sosiale forhold, helse og trivsel

Generelt er norske studentar veldig tilfredse med studiekvaliteten på norske institusjonar¹.

Resultata frå undersøkingane av studentane si helse- og trivselsundersøking (SHOT) frå 2018 viste likevel ein stor auke i talet på studentar som rapporterer å ha alvorlege psykiske symptomplager. Nesten éin av tre norske studentar opplever ofte eller svært ofte einsemd i form av å sakne nokon å vere saman med, kjenne seg utanfor eller kjenne seg isolert. Leiaren for styringsgruppa til SHOT oppmodar utdanningsinstitusjonane og studentsamskipnader til å leggje til rette for gode, sosiale møteplassar for studentane.

SHOT-undersøkinga (studentane si helse- og trivselsundersøking) viste at studentane ved HVO er nøgde med Volda som studiestad. Likevel viste undersøkinga at mange av studentane slit med psykisk helse, einsemd og at færre av studentane er fysisk aktive samanlikna med landsgjennomsnittet. HVO har derfor eit ønske om å leggje betre til rette for helse, trivsel og idrettsaktivitetar for studentane.

3.3 Interessentane sine behov

3.3.1 Føremål og metode

Interessentbaserte analysar søkjer å finne brukarane sine behov knytte til utviklinga av HVOs campus, medrekna kva slags forventningar studentar og tilsette har til nye undervisningsformer, læringsmiljø og arbeidsplassar. I tillegg inngår ein analyse av eksterne aktørar. Desse inkluderer Kunnskapsdepartementet som eigar og premisgivar, lokale og regionale styresmakter, næringslivet og sivilsamfunnet.

I campusutviklingsplanen har prosjektet først og fremst fokusert på interne interessentar og Volda kommune, og gjennomført intervju med eit utval sentrale personar i kvar intern interessegruppe. Leiinga sine behov vart avdekte gjennom intervju med rektor, prorektor og direktør for økonomi og eigedom. For å avdekke dei tilsette sine behov har vi gjennomført intervju med vitskapleg tilsette. I tillegg har vi henta inn erfaringar frå bruken av campus og innspel frå studentar. I samtalanene og intervjuane har fokus vore å kartlegge styrkar og utfordringar med dagens campus i Volda.

¹ NOKUT for Kunnskapsdepartementet (2018) Studiebarometeret 2018 faktaark overordna tilfredsheit

3.3.2 Funn

Når det gjeld styrkar med dagens campus blir den sentrale plasseringa høgskulen har i Volda, framheva. Nokre av avdelingane framhevar ein «open dør»-politikk mellom studentar og tilsette som bidrar til at studentane har tilgang til utstyr 24/7. Berte Kanutte-huset blir trekt fram og biblioteket blir framheva som godt likt av studentane. Biblioteket ved HVO skårar i øvre sjiktet blant universitets- og høgskuleinstitusjonar i talet på primærbrukarar per årsverk i biblioteket. Blant utfordringane med dagens campus nemner nesten alle intervjuobjekt at undervisningsareala er lite tilrettelagde for nye undervisningsformer og store utfordringar med parkeringskapasiteten på området. Utover dette er det for få fellesareal som inviterer til sosialt samvær og gruppearbeid. Det manglar ein kaffibar, og det er ein generell mangel på møteplassar. I seinare fasar av prosjektet har det blitt halde informasjonsmøte og verkstad med den interne referansegruppa høvesvis 15.10.19 og 27.11.19. Møte med interessentar i den eksterne referansegruppa vart halde 15.10.19 og 03.03.20.

3.3.3 Interessentoversikt

Interessent/aktør	Grad av innverknad	Interesse i prosjektet
Storting/Regjering	Øvste vedtaksmyndighet	God samfunnsøkonomisk nytte God prosjektgjennomføring
Kunnskapsdepartementet	Har overordna ansvar for den statlege politikken for utdanning og forskning. Har ansvaret for å sikre investeringsmidlar.	Sikre gode rammevilkår for HVO Arealbruken skal vere nøktern og kostnadseffektiv. Rasjonell bruk av areala som står opp under institusjonen sine faglege og strategiske prioriteringar. Følgje opp at overordna politiske føringar blir følgde. Meld. St. 4 (2018-19) Langtidsplan for forskning og høyere utdanning frå KD: Regjeringa forventar at universitet og høgskular har campusutviklingsplanar som tar for seg framtidig utvikling og har ein arealstrategi.
Volda kommune; Politisk leiing	Øvste vedtakande myndighet i kommunen	Sikre ei utvikling som gjer Volda meir attraktiv som stad. God kommunikasjon og samarbeid med høgskulen som viktig arbeids- og studiestad.
Volda kommune; Planavdelinga	Utarbeide kommuneplanar og kommunedelplanar. Behandlar reguleringsplan og rammesøknader. Utvikling av planar for eigen eigedom. Planfagleg etat og rådgivar	Sørge for god arealbruk og byutvikling. Formidle og sikre forholdet til overordna planar og føringar. Sikre gjennomføring av intensjonar i kommuneplanar og reguleringsplanar.
Volda kommune; Grunneigar	Eigar og forvaltar av eigedom, hus og parkeringsareal på campus og i område i tilknytning til campus.	Hus og uteområde tilrettelagde for god forvaltning og drift. Sikre god utvikling og utnytting av potensial i eigen eigedom. Samarbeid med leigetakarar og andre aktørar/ brukarar i drift og utvikling av eigedomen.
Høgskulen i Volda (HVO) - Rektoratet	Bestillar av campusutviklingsplanen 2.0	Eit framtidsretta og formålstenleg campus (lokale og område) som står opp om HVO sin strategi. Eit attraktivt campus for studentar, tilsette og næringsliv. Fleksibilitet for endringar i undervisning og arbeidsmetodar, og potensial for auke i kapasitet.

		Tilfredsstillende økonomi Meir effektiv drift
Tilsette ved HVO	Brukarar av campus	Attraktive og formålstenlege lokale som stør opp om arbeidet. Fleksibilitet for endringar i undervisning og arbeidsmetodar. Godt transporttilbod og gode mobilitetsløyser.
Studentar ved HVO	Brukarar av campus	Attraktive og formålstenlege lokale for undervisning, individuelt og gruppebasert studentarbeid, rettleiing og sosialt. Open campus med tilgjengelege tenester, sosiale møteplassar. Godt transporttilbod og gode mobilitetsløyser
Studentsamskipnaden	Velferd for studentar	Driftar kantine, helseteneste, barnehage, studenthus, studentbustader m.m. Bidra til eit godt studiemiljø Utbyggar av studentbustader
Stabs- og driftseiningar HVO (Eigedom, IT, ++)	Tilrettelegg for bruk av lokala og utstyr. Koordinerer aktivitetar på campus.	Sikre ei effektiv og sikker drift.
Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda	Paraplyorganisasjon for alle studentorganisasjonane ved Høgskulen og ansvarleg for dei tillitsvalde.	Skal sikre studentane sine interesser og rettar både fagleg og sosialt. Sørge for eit godt studiemiljø ved HVO.
Tillitsvalde - studentane (studentrådet)	Representere studentane. Talerøyr mellom studentar, studentparlamentet og høgskulen.	Sørge for at studentane har eit godt studiemiljø og varetta studentane sine interesser.
Tillitsvalde - tilsette	Representerer dei tilsette.	Sørge for at tilsette har godt arbeidsmiljø
Statsbygg	Eigar og forvaltar av det meste av eigedomsmassen som blir nytta av HVO på vegner av staten.	Bygg og uteområde tilrettelagde for god forvaltning og drift. Samarbeid med leigetakar for utvikling av eigedomen. Eigar av byggeprosjekt "Nytt mediehus" for HVO. Sikre at framtidige planer ikkje reduserer verdien av kvalitetar som kjem med nytt byggeprosjekt.
Statens vegvesen	Ansvarleg for utbygging av nytt samband og tunnelloysing for nye E39 ved campus.	Sørge for ei god trafikkavvikling i området.
Møre og Romsdal fylkeskommune	Skal fremje ei ønskt samfunnsutvikling i Møre og Romsdal, i samsvar med mål for regional utvikling.	Sikre godt og formålstenleg lokalt kollektivtilbod i Volda/Ørsta for framtida. Sikre god planlegging av ruteopplegg. Samarbeidspartnar for kommune, næringsliv og organisasjonar i fylket.
Møre og Romsdal fylkeskommune - utdanningsavdelinga	Den vidaregåande skulen er nabo og brukar av Volda Campus Sparebank1 Arena og høgskuleområdet elles.	Framtidig utbygging av Volda vidaregåande skule, felles løyser for vegar, betre kollektivtilbod.

Møre og Romsdal fylkeskommune - samferdselsavdelinga	Kollektivtrafikk, infrastruktur	Bussruter, busstopp, informasjon.
Statens vegvesen / entreprenør	Bygging av tunnel til Ørsta - ved høgskuleområdet	Anleggsfase, omlegging av vegar, riggområde, framtidig parkeringskapasitet
Volda sjukehus (Helse Møre og Romsdal)	Interesse av utvikling av Volda som nabo og felles brukar av noko infrastruktur	Sambruk av tenester - mobilitet. Auka samarbeid Parkering, gjennomgangstrafikk (bilar, gåande/syklende), betra kollektivtilbod
Øyra barneskule	Skulen grensar til campus og mange av elevane ved skulen ferdast gjennom høgskuleområdet til og frå skulen. Lærarutdanningsskule	Openheit og tilgjengelegheit gjennom området. Trafikksikkert område å ferdast gjennom. Sikre framleis høve til bruk av ballbaner og grønne område (leikeområdet). HVO Studentar i praksis, lærarar på Øyra skule skal vere praksisrettleiarar/utviklarar i eige fagmiljø
Volda ungdomsskule (planlagt nybygg)	Skulen grensar til campus og vert stor brukar av VCA.	HVO-studentar i praksis, praksisrettleiarar Parkering, gjennomgangstrafikk (bilar, gåande/syklende) Felles interesse i gode løysingar for gange, sykkel og kollektivtransport. Trygge og ryddige høve for trafikk og parkering.
Volda Campus Sparebank1 Arena AS (VCA)	Selskapet har som primærformål å etablere (bygge) og drifte idrettsarenaen for hallidrett i Volda.	Samarbeid mellom Volda Campus Sparebank1 Arena og HVO. Gode tilkomstmoglegheiter og mobilitet i campusområdet. Sambruk av tenester.
Kunnskapsparken/-Innovasjonssenter	Nærmaste nabo til campus, samarbeidspartnar fagleg, mogleg sambruk av funksjonar	Parkering, kollektivtrafikk, deling av infrastruktur/kommunikasjon. Grenseflate mellom høgskule og arbeidsliv.
Næringsliv/samfunnsliv	Interesse av utvikling av Volda og samarbeid med HVO om forskning og utvikling	Sambruk av lokale og tenester på campus Auka samarbeid Innovativ forskning og utvikling Interesse for kunnskapspark/innovasjonssenter ved Ivar Aasen-huset.
Naboar og nærmiljø	Bebuarar i området, brukarar av nærmiljøet	Ei føreåtseieleg utvikling av høgskulen. Openheit og tilgjengelege tenester/fasilitetar som uteområde og bibliotek

3.4 Kapasitets- og funksjonsbehov

I dette kapitlet drøftast kapasitets- og funksjonsbehov ut i frå eksisterande situasjon, sett opp mot overordna politiske føringar, relevante utviklingstrekk og målsettingane for utvikling av høgskuleområdet.

3.4.1 Undervisningsrelatert areal

Undervisningsrelatert areal utgjer i dag 9.619 m², dette utgjer 34 % av totalarealet. Areal per student blir berekna av totalarealet på 28.290 m², og dette gir 6,7 m²/student.

Når høgskulen flyttar ut av Ivar Aasen-huset blir fire mykje brukte undervisningsrom med flate golv borte. Med det nye mediehuset vil det kome sju nye undervisningsrom, men ettersom desse ikkje blir tilgjengelege for tinging av alle på HVO, vil dei ikkje direkte erstatte dei fire romma som forsvinn. Med unntak av for de største grupperingane reknar vi med at Avdeling for mediefag vil kunne dekke store delar av sitt behov for undervisningsrom i eige hus i 2021. Derfor har vi brukt data frå timeplananalysen for å anslå delen av totale planlagde timar som blir booka av Avdeling for mediefag på campus. Av totalt 22.691 booka timar for undervisningsrom (auditorium og undervisningsrom med flate golv) frå august 2018 – november 2019 vart 2.998 timar (13 % av totalen) booka til emne knytte til Avdeling for mediefag.

Dersom vi gjekk ut frå at Avdeling for mediefag ville kunne dekke heile sitt behov for undervisningsrom i eige hus i 2021, vil bookingintensiteten på dei generelle undervisningsromma på HVO kunne gå ned med rundt 13 %. Ettersom dei framleis vil ha behov for dei største auditoria og undervisningsromma på campus, vil bookingintensiteten i realiteten gå ned med noko mindre enn 13 %. Ser ein dette i samanheng med tre av dei sju undervisningsromma i det nye mediehuset, som vil ha 60 % fri kapasitet til resten av høgskulen, vurderer vi at kapasiteten på undervisningsrom ved HVO ikkje vil vere verre enn i dag frå 2021. Når det er sagt, ymtar timeplananalysen om at det alt no bør setjast i verk tiltak for å få ned bookingintensiteten. Vidare er svært store areal, 62 % av totalt undervisningsrelatert areal, i dag låst til kategorien spesialareal og derfor ikkje tilgjengelege for generell undervisningsbruk. Denne trenden vil halde fram og forsterkast med fire utgåande generelle undervisningsrom og sju nye undervisningsrom som blir avgrensa til bruk av ei avdeling.

Tilsette og studentar melder om mangel på grupperom. Både teljing og timeplananalyse bygger opp under dette. Når høgskulen flyttar ut av Ivar Aasen-huset blir også seks grupperom borte. To av desse vil bli erstatta i det nye mediehuset.

3.4.2 Arbeidsplassrelatert areal

I dagens situasjon utgjer arbeidsplassrelatert areal 5.658 kvm (20 % av totalarealet). Med 389 tilsette gir dette 14,5 kvm/tilsett², altså litt i overkant av Statens norm for kontorarbeidsplassar på 11–13 kvm/tilsett. I 2021, når det nye mediehuset er tatt i bruk og høgskulen er ute av Ivar Aasen-huset blir arbeidsplassrelatert areal per tilsett 14,6 kvm/tilsett. Areal per tilsett er berekna på totalt tal tilsette og tar ikkje høgd for deltidstillingar. Uansett tydar berekningane av arbeidsplassrelatert areal på at det er eit avgrensa potensial for auka kapasitet gjennom å effektivisere arealbruken.

² Statens norm for kontorarbeidsplassareal per tilsett på 11–13m², har utgangspunkt i nybygg og kan ikkje automatisk direkte overførast til eksisterande bygningar.

Høgskulen melder at det er vanskeleg å finne plass til nye fagtilsette. Dagens kontorarbeidsplassar består i hovudsak av einekontor. Dei tilsette er svært nøgde med eigne kontor og ønskjer ikkje å miste desse. Pauseareal og sosiale soner er for små og tilsette melder om mangel på dette.

Arealkartlegginga viser at det finst eit lite potensial for å auke kapasiteten for arbeidsplassrelatert areal innanfor dagens bygningsmasse dersom HVO organiserer nokre av arbeidsplassane på alternative måtar. Dette blir utdjupa i kapittel 6. I Hans Strøm-huset vil det i 2021 vere eit arealpotensial på ca. 800m² som blir frigitt til ny bruk. Areala kan utviklast med ei blanding av arbeidsplassar for stipendiatar, samhandlingssoner med grupperom og rettleiingsrom for studentar og tilsette og arbeidsplassar for tilsette og gjesteundervisere/forskarar. I første omgang ønsker HVO å erstatte undervisningsareal som utgår når dei flyttar ut av Ivar Aasen-huset.

3.4.3 Opne studentareal og fellesareal

Delen areal som i dag er tilrettelagt som opne studentareal, er svært låg, 1 %. I tillegg til grupperomma viste teljingane at studentane ønskjer å vere i biblioteket, kantina og dei opne studentareala. Som nemnt i 3.4.1 viser kartlegginga at det manglar grupperom. Den låge delen opne studentareal gjer at studentane i avgrensa grad kan finne alternative areal til å møtast og jobbe. Med mykje fellesareal og korridorareal som med relativt enkle ombyggings- og/eller møbleringstiltak kan bli studentopne areal, ligg det eit stort potensial til å skape gode møteplassar og lette trykket på grupperomma.

På campus er det i liten grad tilrettelagt for fysisk aktivitet og opphald utandørs utanom ballbanene. I samtale med studentar vart uteområda ved Berte Kanutte-huset, Ivar Aasen-huset, og hagen framfor Henrik Kaarstad-huset trekte fram som stader med kvalitetar og der dei ønskte å opphalde seg. Prosjektet har fått tilbakemeldingar om at det er behov for fleire og betre møteplassar ute, og fleire servicefunksjonar og aktivitetar på campus.

3.4.4 Parkeringsbehovet

Teljingar av parkerte bilar gjort i januar 2019 og januar 2020 viser at parkeringskapasiteten på høgskuleområdet er fullt utnytta og vel så det midt på dagen tidleg i veka. Resten av tida er det stort sett alltid noko ledig kapasitet.

Det nye mediehuset er delvis plassert på areal som har blitt brukt til parkering, slik at 45-50 parkeringsplassar blir borte. Med bortfallet av desse plassane blir underdekninga av parkeringsplassar ved HVO på 72 plassar (sjå kapittel 2.4.2). I rammeløyvet frå Volda kommune ligg ein føresetnad om at Statsbygg skal legge fram eit forslag til løysing for permanent parkering for høgskuleområdet innan utgangen av 2020. Denne føresetnaden vart våren 2020 løyst ved at Statsbygg og Volda kommune inngjekk ein avtale om at dei 100 parkeringsplassane som er bygde i samband med Volda Campus Sparebank1 Arena kan inngå i det totale talet på parkeringsplassar i høgskuleområdet mot at Statsbygg delfinansierer plassane. Dette vil gi ein liten auke i parkeringsdekninga på campus.

Samtidig er det ofte slik at med auka tilbod aukar også etterspørselen, og det er fare for at også dei nye parkeringsplassane vil bli fullt utnytta etter kort tid. For å få ned bilbruk og etterspurnaden etter parkeringsplassar må det gjennomførast andre typar tiltak.


Det er ikkje ønskjeleg å bygge ned grøntareal på høgskuleområdet med parkeringsplassar. Både av omsyn til opplevingskvalitetar i området generelt, men også for å minke klimagassutslepp som følgje av å redusere evna naturen har til karbonlagring, biologisk mangfald og overvasshandtering. For å sørge for tilstrekkeleg dekning av parkeringsplassar til eiga verksemd kan Statsbygg på vegne av HVO kjøpe

nokre av dei eksisterande parkeringsareala av Volda kommune. Dette har også blitt foreslått av Volda kommune. Men sidan det pr. i dag ikkje er nokon kontroll med kven som bruker parkeringsplassane, vil det ikkje føre til betring av parkeringssituasjonen. Eit slikt kjøp må følgjast opp av at tilgangen til parkeringsplassane blir avgrensa til studentar og tilsette ved HVO for at HVO sin situasjon skal bli betre.


HVO og Statsbygg ønskjer å innføre avgiftsparkering på høgskuleområdet for å redusere etterspurnaden etter parkeringsplassar. Reisevaneundersøkinga viser at det er relativt mange av dei som køyrer bil, som bur under 1 km frå høgskulen. Ut frå erfaring er det dei som har andre gode transportalternativ som raskast endrar reisevanar når det skjer endringar. I dette tilfellet er alternativet å gå eller sykle utan at det tar vesentleg lenger tid enn å køyre bil. Volda kommune har utarbeidd eit forslag til ei parkeringsordning basert på skiltgjenkjenning for studentar og tilsette ved HVO og timebetaling for besøkande. Behandlinga av forslaget vart utsett av Tenesteutval for forvaltning og utvikling den 5.mai 2020. Utvalet bad om at administrasjonen skulle kome med ei tilleggsutgreiing.

4 Mål for utvikling


Effektmål er definert som mål for verknader prosjektet har for brukarane. Brukarar i denne sammenheng er definert som Høgskulen i Volda som primære brukarar og inkluderer Statsbygg, Volda kommune og Studentsamskipnaden. Med utgangspunkt i HVO sitt samfunnsoppdrag, behovsanalyse, utviklingstrekk og føringar for UH-sektoren er det utvikla fem effektmål:

- 


Forskning og tverrfaglig samarbeid

Høgskolen i Volda skal ha et sterkt og tverrfaglig fagmiljø som kan bidra til relevant kunnskapsutvikling innen sine fagområder
- 


Utdanning

Høgskolen i Volda skal sørge for høy kvalitet i utdanningen gjennom å tilby fleksible og studentaktive undervisningsformer og legge til rette for livslang læring
- 

Studenter og ansatte

Høgskolen i Volda skal tilby studenter og ansatte et godt studie-, lærings- og arbeidsmiljø
- 

Samhandling og formidling

Høgskolen i Volda skal legge til rette for kunnskapsutvikling og innovasjon i samspill med samfunn, næringsliv og offentlig sektor og være en tydelig formidler av ny kunnskap
- 

Miljø og bærekraft

Høgskolen i Volda skal ha et miljøvennlig, fleksibelt og effektivt campus

Effektmål er brukt som rettesnor for arbeidet med moglegheitsstudia, og i utarbeidinga av strategiar for vidare utvikling.

5 Moglegheitsstudie

Arbeidsgruppene for høvesvis bygningsmasse og for landskap, areal og transport utarbeidde moglegheitsstudiar hausten 2019. Føremålet med moglegheitsstudiane var å finne moglege tiltak for å dekke gapet mellom eksisterande situasjon og ønskt situasjon som er beskive gjennom effektmåla. I moglegheitsstudiane har arbeidsgruppene vurdert ulike prinsipp for utvikling og ut i frå dette foreslått nokre hovudgrep. Forslaga i moglegheitsstudiane er drøfta, tilarbeidd og utvikla til tilrådde prinsipp for utvikling og arealstrategi i kapittel 6 her i sluttrapporten.

For detaljane i moglegheitsstudiane, og i dei konkrete tiltaka som blir foreslått, viser ein til «**Vedlegg 6: mulighetsstudie for areal, landskap og transport**», utarbeidd av Link Arkitektur og «**Vedlegg 7: mulighetsstudie for bygningsmassen**», utarbeidd av Lerche Arkitekter.




Figur 14 Illustrasjon henta frå moglegheitsstudien for areal, landskap og transport som viser moglege koplingar frå Berte Kanutte-huset til uteområda rundt. Illustrasjon: Link arkitektur



Figur 15 Forslag til konseptskisse for hovedgrep for campus, utarbeidd i mogleighetsstudien av Link arkitektur



Figur 16: Forslag til ny bruk og aktiviteter i foajeen i idrettsbygget (høgre) henta frå mogleighetsstudien for bygningsmassen. Dagens bruk (venstre). Kjelde: Mogleighetsstudie bygningsmasse ved HVO, Lerche arkitekter



Figur 17: Prinsipsnitt utarbeidd av Lerche Arkitekter i mogleighetsstudien for bygningsmassen. Viser aktiv 1. etasje som er opna opp i midten for visuell kontakt og kommunikasjon. Kjelde: Mogleighetsstudie bygningsmasse ved HVO, Lerche arkitekter

6 Arealstrategi

6.1 Prinsipp for utvikling

Med bakgrunn i funn frå kartleggingsfasen, effektmåla og høyringsinnspela er det blitt utvikla fem hovudprinsipp for utvikling av hus, infrastruktur og uteområde ved Høgskulen i Volda. Ved framtidige utviklingsprosjekt skal desse fem prinsippa leggest til grunn. Dei fem prinsippa er:

- Areal for trivsel og læring
- Perler på ei grøn snor
- Styrke sambandet til lokalsamfunnet og regionen
- Berekraftig mobilitet
- Fleirbruk og sambruk

6.1.1 Areal for trivsel og læring

Som beskrive i kapittel 3 er det behov for fleire soner tilrette- lagde for sosial aktivitet og opne studentareal både ute og inne på høgskuleområdet. HVO vurderer dette til å vere eit av dei viktigaste satsingsområda innanfor utvikling av bygningsmasse og uteområde. Trivsel er avgjerande for god psykisk helse, læring og gjennomføring av studium.

Høgskulen har mykje fellesareal og korridorareal som med relativt enkle ombyggings- og/eller møbleringstiltak kan bli studentopne areal. Med gode og smarte løysingar kan korridorareal og andre «tomme» areal bli attraktive stader for sosialt samvær, fagleg samhandling og studium. For å få studentar og tilsette til å ta i bruk desse areala er det viktig å få til ein viss variasjon slik at det blir lagt til rette for grupper, men òg slik at det er godt og naturleg å sette seg ned aleine.

Det mest framstående eksempelet på eit slikt uforløyst potensial er førsteetasjen i Berte Kanutte-huset. Heile huset og spesielt førsteetasjen med kantina er av høg arkitektonisk kvalitet. Rommet er eit opplagt samlingspunkt på campus. Her er mykje dagslys, god takhøgde og robuste bygningsmateriale, men møbleringa i kantina er einsarta og ein sit relativt eksponert. Store delar av arealet står tomt. Dersom ein ser heile førsteetasjen under eitt, med kantine, bibliotek og servicefunksjonar for studentar, finst det her eit enormt potensial for å lage innbydande soner for sosialisering og studium. Moglegheitsstudien til Aat Vos viser eksempel på korleis dette kan gjerast. Får ein til å utvikle ledige areal i Berte Kanutte-huset og dei andre husa til attraktive opphaldsareal, vil det kunne føre til fleire er meir til stades på campus og avlaste trykket på dei eksisterande grupperomma.






Figur 18 Illustrasjonsfoto av mogleg møblering i kantine og bibliotek. Kjelde: Moglegheitsstudie bygningsmasse ved HVO, Lerche arkitekter.

6.1.2 Perler på ei grøn snor

Bygningsmassen og uteareala ved HVO har utvikla seg over tid. Campus er langt og smalt, og husa er organiserte som ein spreidd variant av det tradisjonelle vestlandske rekketunet. Med utgangspunkt i eit campus med to satellittar i kvar ende klarte Berte Kanutte-huset å binde campus saman ved å etablere denne gata eller rekketunstrukturen. Rekketunstrukturen er ein av styrkane ved campus fordi han er eit særtrekk ved staden og skaper ein variert campus av svært ulike, men like viktige hus.

I høyringa av utkastet til campusutviklingsplan er det mange som tar til orde for å halde på og utvikle dei grønne kvalitetane på høgskuleområdet, og unngå nedbygging av dei uutbygde areala som er att. Grønne kvalitetar, med auka vegetasjon og variasjon i vegetasjonen tilfører uterommet sesongvariasjonar, meir attraktive omgivnader, auka biologisk mangfald og betre overvasshandtering. Vidare kan vegetasjon brukast til å gi skygge, le eller brukast som nyttevekstar. Derfor er «perler på ei grøn snor» foreslått som prinsipp for vidare utvikling av høgskuleområdet.




«Perler på ei grøn snor» inneber at mellomromma mellom husa blir utvikla med gode samband, areal for aktivitet og opphald og auka biologisk mangfald, framfor å byggast ned. Auka innhald i mellomromma kan gjere at avstanden mellom idrettsbygget og Ivar Aasen-huset kjennes kortare, og vidare føre til meir bevegelse og auka trivsel. For å få til opplevinga av samanheng bør husa vende seg med eit inviterande inngangsparti mot aksen og gi inntrykk av kva som skjer innanfor. Kvar enkelt hus bør ha eit ope areal for opphald, uformelle møte og sosialt samvær. Studentvandringa frå husa i randsona kan også sikrast med eit sterkt sentrum i Berte Kanutte-huset.

Moglegheitsstudien for areal, landskap og transport inneheld mange idear til utvikling av uteområda og kan fungere som ei inspirasjonskjelde, sjå til dømes på Figur 19 og Figur 21.



Figur 19 Link arkitektur sitt forslag til utvikling av uteområda frå mogleighetsstudien for areal, landskap og transport. Illustrasjon: Link arkitektur.

- 1 Sykkelparkering erstatter parkering
- 2 Nytt fotgjengerfelt i tillegg til eksisterende
- 3 Rydde opp i renovasjonsløsning bak Kaarstad, containere skjules og rampe fjernes
- 4 Forbedret adkomst og kryssningsområde, tydelig kantsteinsvis til fortau. Nedsenket kantstein i innkjøring til baksiden av Kaarstadbygget.
- 5 Utbedring av garderober
- 6 Lyssetting av uteområde og fasade. Master til seilduk kan brukes til belysning.
- 7 Infotavle adkomstareal vest med skilting og kart
- 8 Master med mulighet for å henge opp seil for skjerming.
- 9 Flyttbare sittemøbler foran Kaarstad-bygget. Område kan brukes til hverdags og til arrangementer i Kaarstad (eks. forestillinger i nye Kaarstad)
- 10 Fjerne bilparkering på forplass
- 11 Nytt dekke i belegningsstein på forplass, kant mot prydhagen etableres for å speile det historiske bygget.
- 12 Prydhagen: opprusting, skjøtsel og tydeliggjøring av historikken.
- 13 Benker og rydding i vegetasjon langs fasade og inngang til nye Kaarstad.



Figur 20 Utsnitt frå Link arkitekturs forslag til utvikling av området rundt Henrik Kaarstad-huset. Illustrasjon: Link arkitektur

6.1.3 Styrke samband til lokalsamfunnet og regionen

Eit funn frå kartleggingsfasen er at det ikkje er så enkelt å finne fram til HVO, eller internt på HVO. Dette er i størst grad eit problem for folk som ikkje høyrer til organisasjonen, for studentar og tilsette blir jo kjende med omgivnadene etter kvart. For at HVO skal kunne legge til rette for kunnskapsutvikling og innovasjon i samspel med samfunn og næringsliv, er HVO nøydd til å opplevast synleg og tilgjengeleg, og det gjeld også rein fysisk tilgang og synlegheit i Volda.

Viktige tiltak for å styrke sambanda til lokalsamfunnet og regionen er:

- Gjere det enklare å finne fram til HVO ved betre skilting av viktige samband for gåande og syklende mellom HVO og Volda sentrum, og god skilting og annonsering mot E39. Trygge kryssingar for mjuke trafikantar til viktige mål utanfor høgskuleområdet er også viktig. For oversikt over forbetringspotensial på sambanda mellom Volda sentrum og HVO viser vi til side 24 og 25 i moglegheitsstudie for areal, landskap og transport av Link arkitektur. Utover desse er også eit betre kryssingspunkt over E39 til Samskipnaden sine kontor etterspurt.
- Forenkle orienteringa internt på høgskuleområdet ved god og einsarta skilting til hus og viktige mål, og god skilting ved inngangsparti. Samanhengande og godt lesbare samband mellom ulike mål vil også bidra til god orientering.
- Inviterande inngangsparti, og opne og synlege funksjonar/areal i førsteetasjane vil kunne bidra til at høgskulen blir oppfatta som meir open og inviterande overfor omgivnadene, og ikkje minst legge til rette for meir bevegelse og utveksling internt på høgskulen.
- HVO ønsker å legge til rette for at ny næringsverksemd (Kunnskapspark/innovasjonssenter m.m.) blir etablert i søraustlege delar av høgskuleområdet. Næringsfunksjonar i dette området kan dele funksjonar og fasilitetar med HVO og bidra til auka aktivitet og innovasjon i samarbeid med HVO. Betre integrasjon mellom HVO og næringsliv vil også bidra til auka synlegheit for HVO i regionen.



Figur 21 Illustrasjonen viser ei mogleg utvikling av Ivar Aasen-huset. Illustrasjonen høyrer til Sunnmøre kulturnæringshage.

6.1.4 Berekraftig mobilitet

Det viktigaste tiltaket for å gjere mobiliteten til og frå høgskulen meir berekraftig er å redusere behovet for transport. Her er arealplanlegging eit viktig verkty, saman med digitale løysingar som gjer det mogleg å arbeide heimanfrå og å halde videomøte framfor fysiske møte. Deretter må vi sørge for at mange anten kan gå eller sykle. Neste steg er å legge til rette for kollektivtransport, medan lågaste prioritet går til bil og fly.



Sykkel og gange


Gjennom reisevaneundersøkinga vart studentar og tilsette spurde om spesifikke forslag på tiltak for å betre tilrettelegging for gåande og syklende. Trygg sykkelparkering med tak, fleire og betre sykkelveggar, meir oversiktlege kryss, færre bilar, belysning og tydeleg skilting og merking av fotgjengarovergangar kom som tilbakemeldingar.

Tiltak som kan få fleire til å sykle, er:

- At nokre vegsamband internt i Volda blir skilta for sykklistar. Dei mest aktuelle vegsambanda har jamn stigning og få punkt kor syklistane lett kjem i konflikt med andre trafikantar.
- Sykkelstativ som gjer det mogleg å låse fast syklane
- Tak over sykkelstativa
- Garderobefasilitetar ved dei to–tre viktigaste tilkomstpunkta for sykklistar
- HVO og Volda kommune kan også vurdere ei ordning med rimeleg utleige av el-syklar til studentar og tilsette som ikkje nyttar parkeringsplass

Tiltak for å auke gange:

- Forbetring av skilting og lesbarheit på utvalde samband mellom Volda sentrum og HVO, ref. kap. 6.1.3. Foreslegne samband for utbetring er vist i figur 20.
- Forbetring av uoversiktlege kryssingspunkt og etablering av samanhengande fortau på strekningar som manglar dette



Figur 22 Sykkelstativ med tak og garderobetilgang bør etablerast ved dei viktigaste tilkomstpunkta for gåande og syklande. Illustrasjon: Link arkitektur.



Figur 23 Forslag til styrking av samband mellom campus og Volda sentrum. Illustrasjon: Link arkitektur

Kollektivtransport

For å auke bruk av kollektivtransport svara mange at fleire avgangar og lågare prisar er viktige tiltak. HVO og Statsbygg bør gå i dialog med fylkeskommunen og Volda kommune om forbetring av buss-tilbodet. For HVO sin del ville det vore ei forbetring å gjere rutetilbodet meir lesbart og effektivt ved at lokalruta i Volda blir lagd om til pendeldrift i staden for ringrute, slik at haldeplassane sør for Hans Strøm-bygget får buss i begge retningar. Lesbarheita vil også bli betre når det nye haldeplassparet som er regulert inn sør for Hans Strøm-huset blir bygd og markert som hovudhaldeplassen til Høgskulen i Volda. Samstundes er nok ikkje potensialet for auking av kollektivtransporten veldig stort, då bussettinga i regionen er spreidd.

Parkering

For å redusere etterspørselen etter parkeringsplassar ønskjer HVO og Statsbygg å innføre avgifts-parkering på høgskuleområdet. Innføring av parkeringsavgift vil føre til at ein del av dei som har minst behov for å køyre bil til HVO, finn andre løysingar, og dermed blir det færre som treng parkering. Reisevaneundersøkinga viser at det er relativt mange av dei som køyrer bil, som bur under 1 km frå høgskulen. Ut frå erfaring er det dei som har andre gode transportalternativ som raskast endrar reisevanar når det skjer endringar. I dette tilfellet er alternativet å gå eller sykle utan at det tar vesentleg lenger tid enn å køyre bil. HVO har utarbeidd eit forslag til ei parkeringsordning basert på skilt-gjenkjenning for studentar og tilsette ved HVO og timebetaling for besøkande. Basert på dette har kommunen utarbeidd eit forslag til skiltplan. Saka skal behandlast av kommunestyret i september.

Som nemnt i både kapittel 3.4.4 og 6.1.2 er det ikkje ønskjeleg å bygge ned meir av grøntareala med parkeringsplassar. Etter at parkeringsskjellaren på Volda Campus Sparebank1 Arena er ferdigstilt vil parkeringsnorma i kommunen ut i frå talet på studentar og tilsette ved høgskulen vere tilfredsstillt. Pandemien som kom våren 2020, har gitt oss nye erfaringar med heimekontor, videomøte og strøyming av undervisning. Vi har også blitt meir bevisste på bruk av den kapasiteten som faktisk finst i bygningsmassen. For HVO sin del har dette blant anna ført til at undervisningstida er blitt utvida. På sikt kan dette også redusere etterspørselen etter parkeringsplassar i det tidsrommet der kapasiteten er fullt utnytta, nemleg mellom kl.10 og 14 måndagar og tysdagar.

Henrik Kaarstad-huset hadde opphavleg ein gruslagd forplass på sørsida, der det i dag er asfalterte parkeringsareal. På sikt, når parkeringssituasjonen er forbetra, bør dette arealet tilbakeførast. Ei tilbakeføring vil gi ein betre samanheng mellom Henrik Kaarstad-huset og prydagen nedanfor, og har potensial til å bli eit flott opphaldsareal og ein plass til bruk ved festlege tilstellingar. Parkering bør generelt samlast til større areal, både fordi det gjer plassane lettare å finne og fordi det vil gi eit ryddigare visuelt uttrykk.

Den mellombelse parkeringa på Rotevasstomta kan vurderast brukt som meir permanent parkering til erstatning for parkering rundt paviljongane, så lenge arealet ikkje blir teke til anleggsområde knytt til bygging av ny E39. Når det blir lenger å gå frå parkeringsplassen og dit du skal kan det gjere bilen mindre attraktiv for dei som har kortast køyreveg til høgskulen.



Figur 24 Forslag til framtidig situasjon for parkering av bilar og sykklar. Illustrasjon: Link arkitektur

6.1.5 Fleirbruk og sambruk

Så fram det blir gjort mindre ombyggingar kan framtidig nye behov dekkast innanfor eksisterande bygningsmasse. Å bygge nytt er som oftast dyrare enn gjenbruk eller rehabilitering av eksisterande hus. Vidare medfører ineffektiv arealbruk unødvendig ressursbruk. Vi avgrensar miljøfotavtrykket vårt ved å utnytte eksisterande bygningsmasse godt og ved ikkje å bygge nytt.

Utvikling og tilpassing av eksisterande areal

Totalt sett skal HVO ha tilstrekkeleg med areal, frå 2021-situasjonen, til å dekke arealbehova sine dei neste fem åra. Problemstillingane som er avdekte gjennom kartleggingsarbeidet, kan kanskje løysast gjennom å utvikle og tilpasse innanfor eksisterande arealramme. Nøkkelen i dette utviklingsløpet er ca. 800 m² i Hans Strøm-huset som vil stå klare til ny bruk frå 2021. Frå kapittel 3.4 om HVO sitt kapasitet- og funksjonsbehov kan det konkluderast med at det er behov for auka kontorkapasitet for tilsette og fleire areal for sosialt samvær,



fagleg samhandling og studium. Fleire areal for sosialt samvær, fagleg samhandling og studium bør først og fremst løysast ved å styrke dei alt etablerte areala i Berte Kanutte-huset. Ved å vidareutvikle Berte Kanutte-huset og andre ledige areal i dei andre husa optimalt, til gode opne studentareal, vil trykket på grupperom kunne minke og ikkje minst vil det kunne føre til at fleire er meir til stades på campus. Dette blir utdjupa i kapittel 6.3.

Kontorkapasitet

HVO har behov for å auke kontorkapasiteten. Det er eit potensial for effektivisering innanfor eksisterande arealramme, men potensialet er avgrensa. Om mogleg bør delar av arealpotensialet i Hans Strøm-huset programmerast for arbeidsplassar for tilsette. Eit eksempel på korleis dette kan gjerast, er vist i 6.3. Kapasitetsutfordringane knytte til kontora kjem hovudsakleg av ein mangel på fleksibilitet i arbeidsplasskonseptet. Dei fleste tilsette ved HVO krev ein eigen arbeidsplass, og dette tyder at HVO må planlegge med ein overkapasitet på arbeidsplassar. Eit arbeidsplasskonsept basert på ein kontor er ofte arealdrivande, og areala blir i tillegg vanskelege å tilpasse ved rask auke i talet på tilsette.

Når det oppstår behov for nye kontorlokale i staten, gjeld arealnorma på 23 kvm BTA per tilsett. Den gjeld også for universitets- og høgskulesektoren. Etersom sektoren består av formålsbygg, gjeld norma for kontordelen av bygget der arbeidsplassrelatert areal ikkje skal overstige 13 kvm per tilsett. Dersom det er behov for å gå utover norma, må dette grunnleggjast særskilt i funksjonsbeskrivinga. Norma gjeld berre ved statlege byggeprosjekt, både nybygg og ved ombygging, og ikkje ved leige av private kontorbygg. Erfaringar med arealnorma så langt viser at det ikkje er mogleg å få til eit arbeidsplasskonsept basert på eitt einkontor per tilsett innanfor rammene av arealnorma. Derfor må det ved bygging av nye statlege kontorareal leggjast opp til eit arbeidsplasskonsept der ein del av dei tilsette sit i opne landskap og/eller konsept der dei tilsette deler på arbeidsplassar («free-seating»), noko som dempar behovet for å operere med ein overkapasitet. I den samanhengen bør HVO utarbeide ein arbeidsplassrettleiar for forskjellige stillingstypar. Rettleiaren bør seie noko om kven som kan og bør sitte samla i areal som betre stør opp under samhandling og samarbeid. Han bør også vurdere kva stillingstypar der arbeidsplassane ikkje må planleggast med overkapasitet. Dette vil kunne bli eit viktig verktøy både ved tilpassing av eksisterande bygningsmasse og der det oppstår behov for nye areal.


Undervisningsareal og spesialareal

Romma til generell undervisning er i dag under høgt trykk, men utgjør berre 38 % av totalt undervisningsrelatert areal. Resten er spesialareal som ikkje er tilgjengeleg for generell undervisningsbruk. Mange av desse areala blir brukte til ordinær undervisning og som grupperom for studieprogramma som primært disponerer areala. Kapasiteten på undervisningsrom bør ikkje aukast i staden for arealtype nemnde over før HVO har oversikt over om det er mogleg å auke den generelle bruken av det som i dag er spesialareal. Den planlagde kartlegginga av spesialareal vil gi god oversikt over potensialet. Blir det lagt opp til auka sambruk av spesialareala, vil det føre til ein auka fleksibilitet i undervisningsromma. Denne fleksibiliteten vil også gjere det enklare å planlegge for oppgradering av undervisningsrom slik at dei lettare kan stø opp om meir studentaktive læringsformer.

Studentaktive læringsareal – «læringsstrøk»

Med tilrettelegging av areala for meir studentaktive læringsformer, meiner vi fleire undervisningsrom enn i dag som betre stør opp om ulike former for «omvendt undervisning» som prosjekt- og teambasert læring og praktisk øving. Slike område eller soner kan kallast læringsstrøk og eit døme er vist i Figur 25. Men, det vil framleis vere behov for forskjellige former for ein-til-mange undervisning, gjerne i kombinasjon med gruppebasert arbeid. Fleksibel møblering som raskt kan gi nye romløyser er

dermed ein premiss. Studentaktiv læring krev variasjon i undervisningsrom slik at studentar og undervisarar kan veksle mellom forskjellige areal. For at dagens undervisningsrom skal kunne stø opp om meir studentaktive læringsformer bør dei bli endra trinnvis, med god tid til evaluering mellom oppgraderingar. Nye romtypar kan krevje nye måtar å undervise på, og det er dermed ein risiko for at undervisningsromma ikkje blir vellukka med ein gong. Det krev lokal variasjon og på HVO peikar undervisningsromma i 2. etasje i Henrik Kaarstad-huset og undervisningsromma i 2. etasje på Hans Strøm-huset seg ut som gode kandidatar for å starte endringa. Teknisk oppgradering av infrastruktur og AV-utstyr er avhengig av den planlagde utforminga av rommet og bør vurderast ut i frå behovet i det enkelte rommet.



Figur 25: Illustrasjon av mogleg innhald i eit læringsstrøk. Illustrasjon: Gottlieb Palludan Architects (moglegheitsstudie bygningsmasse ved Universitetet i Stavanger)

6.2 Ulike framtidsbilde

Dei ulike framtidsbilda som er presenterte i dette kapitlet, tar utgangspunkt i kapasitets- og funksjonsbehovet beskriver i kapittel 3.4. Sjølv om det er føresettt nullvekst i talet på studentar og tilsette, viser behovsanalysen at det er eit behov for nye eller endra areal i dag. På kort sikt er det nye areal under bygging, areal som blir fristilte og areal som går ut frå HVO sin portefølje. Kapittel 3.4 konkluderer med at den totale arealramma for HVO sin bygningsmasse i 2021 er riktig gitt dagens tal på studentar og tilsette. Med antatt nullvekst i studentar og tilsette i eit 20-års perspektiv kan ein vidare anta at HVO si totale arealramme også er riktig i eit framtidsperspektiv. Men, på lang sikt er dette mykje meir usikkert. Eit endra politisk landskap i framtida kan bety ei anna utvikling i regionen enn det som har vore tilfelle dei siste åra. Kva skjer om HVO skulle bli slått saman med ein annan høgskule eller universitet? Ei anna uvisse er langsiktige konsekvensar av pandemien som kom våren 2020. Korleis blir konsekvensane for undervisningsformer, reisevanar og arealbruk på lengre sikt? Derfor har vi framstilt tre ulike framtidsbilde, her beskrivne som scenario. I tilrådinga vil det veljast ut tiltak for kvart scenario som vidare skal vere i tråd med dei endelege prinsippa for campusutvikling.

Scenario 1 – nullvekstprognosen frå 2020 er framleis gjeldande i 2025

Utviklinga i scenario 1 vil ikkje føre til store endringar frå 2021-situasjonen. Planlagde ombyggingar i Hans Strøm-huset og Idrettsbygget gjennomførast. I 2021 vil 900 m² i Hans Strøm-huset kunne byggast om etter HVO sine behov, f.eks. til undervisningsrom med flate golv. Vidare ønsker HVO og Statsbygg å styrke fellesareala, ved å gjere mindre tilpassingar i Berte Kanutte-huset. Dersom kapasitets- og funksjonsbehovet framleis er likt i 2025 som det var i 2020, skal det prioriterast vidare funksjonelle tilpassingar av eksisterande areal, i alle husa på campus. Dersom forvaltning og/eller bruk av paviljongane og Lettbygget ikkje fungerer bra lenger eller Volda kommune treng arealet til næringsformål, kan HVO sjå om dei kan leige areal i den nye kunnskapsparken/innovasjonssenteret i staden. Eventuelt kan ein sjå på om nokon av dei andre husa på campus kan byggast om for å auke arbeidsplasskapasiteten. Som nemnt i kapittel 2.5.3 er paviljongane og Lettbygget lite fleksible hus.

Scenario 2 – omstillingar i regionen/struktureform/anna bidrar til at HVO blir tildelt nye studieplassar

I scenario 2 har HVO fått tildelt nye studieplassar. Talet på studentar og tilsette skal nok ein gong vekse. Vurderingane frå kapittel 5 i campusutviklingsplanen gjaldt for nullvekst. HVO har behov for meir areal. I scenario 2 følgjer utviklinga scenario 1 på kort- og mellomlang sikt, men det blir planlagt ny bygningsmasse (for vurdering av framtidige utbyggingsalternativ – sjå kap. 6.3.2). Også i dette framtidsbiletet kan det bli aktuelt å flytte ut av Lettbygget og paviljongane, anten fordi dei ikkje er tenlege lenger, fordi Volda kommune treng tomte sjølv eller fordi tomte blir vald som ny byggetomt for høgskulen.


Scenario 3 – omstillingar i regionen/struktureform/anna bidrar til at HVO blir mindre

I scenario 3 har talet på studentar og tilsette ved HVO begynt å dale, og trenden ser ut til å fortsette framover. Løyvingane blir mindre, og husleigekostnadene vil ta ein større og større del av total-kostnadene. I scenario 3 følgjer utviklinga scenario 1 på kort- og mellomlang sikt, men arealbehovet har blitt mindre, og HVO treng å minimere husleigekostnadene. Lettbygget og paviljongane går ut, og brukarar av desse flytter inn i eksisterande bygningsmasse. HVO gjer ombyggingar i eksisterande bygningsmasse for at den skal passe nye behov.

6.3 Plan for langsiktig utvikling

6.3.1 Strategisk arealkart

Totalt sett skal HVO ha nok areal, til å dekke arealbehova sine dei neste fem åra. Føresetnaden for det er frå 2021-situasjonen, som er omtala i kapittelet om fleirbruk og sambruk, og med den forventa utviklinga i talet på studentar og tilsette. Utvikling og forbetring kan likevel skje utan at det blir bygd nye hus, men ved å endre og tilpasse eksisterande hus og uteområde til det som trengst.



Figur 26 Strategisk arealkart for utvikling av høgskuleområdet. Illustrasjon: Link arkitektur

Det strategiske arealkartet i figur 22 viser HVO sine hovudprinsipp for vidare utvikling av høgskuleområdet:

- Halde fram utvikling av campusaksen til å bli eit godt lesbart og attraktivt samband
- Behalde og utvikle kvalitetane i dei uutbygde grøntområda
- Styrke sambandet til næringslivet ved at området for kunnskapspark/innovasjonssenter blir rekna som ein del av høgskuleområdet og ved at HVO og innovasjonssenteret i fellesskap legg til rette for felles bruk av fasilitetar.
- Utvikle nokre prioriterte samband for gåande og syklande mellom HVO og Volda sentrum ved å gå i dialog med Volda kommune om betre skilting og tiltak for å forbetre trafikktryggleiken og universell utforming på enkelte punkt.
- Ingen nye parkeringsplassar for bilar blir etablerte på bakken. Etablering av parkeringsplassar for sykklar under tak med tilhøyrande garderobar ved dei viktigaste tilkomstpunkta for syklistar.

HVO vil fortsette å jobbe for innføring av parkeringsregulering på høgskuleområdet og betre kollektivløysingar i regionen.

- I alle dei større husa blir det etablert areal for uformell sosialisering og studentaktiv læring. Eit prioritert område er å opne opp kantina på Berte Kanutte-huset, både mot eit nytt uteopphaldsareal på sørsida og med ei meir variert møblering som inviterer til bruk også utanom lunsj- og middagstid. Ein interessant idé som er nemnt av fleire, ville vere å utvikle grisehuset til kafe. Grisehuset ligg utanfor Statsbygg sin eigedom, men mindre enn 50 meter frå Berte Kanutte-huset. Vestibylene i idrettsbygget kan utviklast til ein møteplass. Ny bruk av Hans Strøm kan gi fleire arbeidsplassar og grupperom.
- For å få til ein større variasjon i typar rom og areal, må enkelte areal omdisponerast frå dagens bruk og/eller dei blir gjorde tilgjengelege for utvida bruk. I første omgang prioriterer ein oppgradering av undervisningsrom til areal som betre støt opp under studentaktiv læring i undervisningsromma i 2. etasje i Henrik Kaarstad-huset og undervisningsromma i 2. etasje på Hans Strøm-huset.


6.3.2 Framtidige utbyggingsalternativ

I moglegheitsstudien for areal, landskap og transport (vedlegg 6) har Link arkitektur vurdert ulike areal over heile høgskuleområdet med tanke på om dei er aktuelle for framtidig utbygging for høgskulen. Statsbygg og HVO har teke utgangspunkt i desse vurderingane, og gjort nokre endringar.

Når Volda Campus Sparebank1 Arena og nybygget for mediefaga står ferdig, vil dette området sannsynlegvis opplevast som tyngdepunktet på høgskuleområdet. Ved framtidig utbyggingsbehov ved HVO bør det vurderast om det er den nordlege delen som skal styrkast med fleire kvadratmeter og meir aktivitet. Nedretun (1) er eit lite fleksibelt ein-etasjes hus som ein bør vurdere å erstatta med eit større hus utan at større grøne areal går tapt. Arealet er i dag regulert til offentleg formål, «O4 Høgskuleområde», i reguleringsplan for Røysmarka, med lovleg høgde på tre etasjar pluss sokkeletasje. Utnyttingsgrad er ikkje sett, men skal fastsettast av Volda kommune i kvar einskild byggesak. Storleik på eit nytt hus kjem an på om heile eller delar av parkeringsplassen blir ein del av byggetomta.

Eit andre alternativ er å sjå på arealet mellom Berte Kanutte-huset og Nedretun (2). Ulempa med denne tomte er at ho er ein del av eit større samanhengande grøntområde og ho har stor stigning. På den andre sida kan ein bygningsmasse med utforming a la Berte Kanutte-huset bidra til betre samband mellom sør-austre og nord-vestre del av campus. Også dette arealet er regulert til offentleg formål i reguleringsplan for Røysmarka, med same føresegner om utnytting som dei to andre alternativa.


Alternativ nr tre er å vurdere om areala der paviljongane (3) ligg i dag kan byggast ut med ein bygningsmasse med høgare utnyttingsgrad. Areal som paviljongane og Lettbygget står på er regulert til offentleg formål «O1 Høgskuleområde» i reguleringsplan for Røysmarka, med same føresegner om utnytting som alternativ 1. Dette er likevel areal som er eigde av Volda kommune i dag, og som er vurdert brukt til utvikling av kunnskapspark/innovasjonssenter. Delar av areala langs vassdraget er sett av til grøntområde, og ei utbygging her må sjåast i samanheng med vassdraget og vegetasjonen.



Figur 27 Moglege areal for framtidig utbygging. Illustrasjon: Link arkitektur

I høringsinnspela har det også vorte foreslått å bygge ein ekstra etasje over verkstadene på nye Kaarstad. Kor teknisk og økonomisk gjennomførleg det er, bør vurderast ved framtidig utbyggingsbehov dersom plasseringa er tenleg for formålet.

I den forrige campusutviklingsplanen, frå 2015, vart parkeringsplassane aust for Nedretun foreslått som område med utbyggingspotensial, i tillegg til området rundt paviljongane, Lettbygget og Ivar Aasenhuset. Då parkeringskapasiteten på høgskuleområdet tidvis er knapp, foreslår vi å ikkje bygge ned dei største parkeringsplassane. Kan hende let parkeringsplassane aust for Nedretun seg stabile i høgda i framtida, dersom det trengs fleire parkeringsplassar trass i tiltak for å minke etterspurnaden.



Figur 28 Døme på korleis parkeringsplassane i skrått terreng kan få fleire plassar. Illustrasjon: Link arkitektur

6.3.3 Ny bruk av Hans Strøm-huset

Ombygging av Hans Strøm-huset gir høve til å erstatte tapte undervisningsrom i Ivar Aasen-huset. På sikt vil det også kunne gi høve til å løyse behov for arbeidsplassar og grupperom/retteleingsrom. HVO er tilrådd å vurdere kombinasjonsløyningar, som gjerne kan studerast nærmare gjennom å køyre eit pilotprosjekt. I figur 23 er det vist to eksempel på mogleg ombygging av Hans Strøm-huset etter at Avdeling for mediefag har flytta inn i det nye mediehuset. Eksempla er til inspirasjon. Store disponible areal gir HVO ein spesielt god sjanse til å opprette nye tilrettelagde areal som stør opp om studentaktiv læring. Dersom HVO avdekket eit potensial for å auke talet på generelle undervisningsrom gjennom å opne nokre av spesialromma til generell bruk, vil det også kunne påverke programmeringa av endra areal i Hans Strøm-huset. Om det blir avdekt eit potensial for å stille nokre av spesialromma til rådvelde for generell undervisning i periodar, vil det kunne dempe behovet for å erstatte tapte undervisningsrom. Dette kan gi rom for å auke kontorkapasiteten.



Figur 29 Illustrasjonar som viser mogleg innreiing og tilrettelegging av fråflytte areal i 2. etasje i Hans Strøm-huset. Eksemplet over viser ei kombinasjonsløyning med arbeidsplassar for tilsette, studentarbeidsplassar, grupperom/møterom og felles sosial sone. Eksempelet under viser eit liknande konsept, men med klasserom i staden for arbeidsplassar for tilsette. Illustrasjonar: Lerche Arkitekter

I eksempla i Figur 29 er areala på sørsida (venstre side av planteikningane) av Hans Strøm opna opp til høvesvis nye arbeidsplassar for tilsette (øvt) og nye undervisningsrom (nedst). Sjølv om dei viser

forskjellige funksjonar, er planløysinga svært generell i begge eksempla. Dette sikrar ein fleksibilitet i planløysinga som bidrar til at HVO i framtida kan endre bruken av areala, utan å måtte gå gjennom større bygningsmessige tiltak.


I det øvste eksempelet er det vist eit kontorlandskap med plass til 22 tilsette. Eksempelet er til inspirasjon. I ei endeleg programmering av kontorareal vil kontorkonseptet og plan for møblering følge ein grundig brukarprosess med dei tilsette ved HVO. Ei slik kombinasjonsløysing med studentarbeidsplassar i nærleiken og grupperom som også kan brukast som møterom, vil kunne auke samhandlinga mellom studentar og tilsette. I det nedste eksempelet er heile etasjen tilrettelagd med undervisningsareal og fellesareal. Dette vil kunne skape ei sone for studentaktiv læring eller eit «læringsstrøk» med variasjon i typen undervisningsrom, med fleksibel møblering, grupperom rett ved og skjerma studentarbeidsplassar. Sona tilbyr studentane valfridomen til å velje areala som best passar oppgåva dei skal gå laus på og gir undervisarar høve til å legge opp undervisninga si på forskjellige måtar og til dømes ta i bruk heile eller delar av sona.

I begge eksempla er det ikkje foreslått endringar i nordsida av bygget (høgre side av planteikningane), men det kan også vere fornuftig med oppgraderingar også på den sida av bygget som eit trinn to. Dette gjeld kanskje særleg om HVO vel å gå vidare med eit konsept som hovudsakleg oppfyller kontorbehovet. Ei oppgradering av undervisningsromma i nordsida av bygget vil då kunne gjennomførast utan store bygningsmessige tiltak. Dette vil vere avhengig av HVO sitt økonomiske handlingsrom og prioriteringar.

6.4 Gjennomføring

6.4.1 Statlege føringar

Ved behov for nye lokale, eller behov for forandringar i eksisterande lokale, skal departementet sjå til at alle relevante forhold blir tilstrekkeleg utgreidde i samsvar med krava i Utgreiingsinstruksen³. Utgreiinga beskriv behov og krav som må stillast til lokala for at verksemda skal kunne vareta oppgåvene sine. Alternative løysingar for korleis behovet kan dekkast, skal vurderast. Bygge- og leigesaksinstruksen⁴ presiserer krava i utgreiingsinstruksen for statlege lokalbehov, og skisserer prinsipp departementa skal følge når dei avgjer korleis lokalbehovet skal dekkast. Instruksen gjeld ved inngåing av avtalar om leige av lokale, både i marknaden og internt i staten. Figuren under illustrerer desse prinsippa. For lokale som det normalt er ein velfungerande marknad for, skal lokalbehovet i utgangspunktet dekkast gjennom leige i marknaden, med lågast mogleg grad av spesialtilpassing.



Figur 30 Illustrasjon av prinsippa i bygge- og leigesaksinstruksen når det gjeld avklaringar om leige i marknaden eller statleg byggeprosjekt

³ Finansdepartementet (2016) Instruks om utredning av statlige tiltak, fastsett ved kongeleg resolusjon 16. februar 2016

⁴ Kommunal og moderniseringsdepartementet (2017) Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor, fastsett ved kongeleg resolusjon 13. januar 2017

Dersom lokaliseringa av lokala eller graden av spesialtilpassing gjer at marknadsverdien er vesentleg lågare enn byggekostnaden, eller om utleigar er venta å kunne kome i ein monopolsituasjon overfor den statlege leigetakaren, blir marknadssituasjonen vurdert som ikkje velfungerande. Då skal lokalbehovet som hovudregel gjennomførast som eit statleg byggeprosjekt. Lokalet vil då eigast av staten og anten forvaltast av verksemda sjølv eller av Statsbygg.

6.4.2 Finansieringsmodellar

Byggeprosjekt ved universitet og høgskular kan finansierast på ulike måtar⁵:

- *Prosjekt i eigen regi.* Byggeprosjekt som dei sjølvforvaltande institusjonane gjennomfører på eiga hand innanfor eiga uendra budsjettramme.
- *Kurante byggeprosjekt.* Byggeprosjekt der institusjonen forpliktar seg til å dekke husleiga som følgjer av prosjektet innanfor eigne uendra budsjettrammer. Ordninga er eit tilbod innanfor statens husleigeordning til statlege verksemder.
- *Ordinære byggeprosjekt.* Når byggeprosjekt blir utførte som ordinære prosjekt, følgjer planlegging, vedtak om iverksetjing og gjennomføring, og eventuelt ekstern kvalitetssikring, eit førehandsdefinert regime med faste vedtakspunkt (statens prosjekt-modell). Forslag om startløyving og kostnadsramme for prosjekta blir fremja i statsbudsjettet. Regjeringa vurderer normalt spørsmål om husleigekompensasjon i samband med vurdering av startløyving til byggeprosjektet. Som hovudregel dekker ein husleige innanfor gjeldande budsjettrammer. Det blir vanlegvis ikkje gitt kompensasjon ut over 75 % av auka husleigeutgifter.
- *Universitetsareal i sjukehus.* Stortinget har vedtatt prinsipp for planlegging, bygging og finansiering av universitetsareal i nye sjukehusbygg, gjeldande frå 2018. Dette inneber at helseføretaka planlegg og bygger universitetsareal for medisinstudenter i nye sjukehusbygg. Helseføretaka eig areala, og universiteta leiger dei.
- *Prosjekt i samarbeid med private utleigarar.* Universitet og høgskular kan også realisere prosjekt i samarbeid med private aktørar (offentleg privat samarbeid). Institusjonane inngår i slike tilfelle leigeavtale med private aktørar på kommersielle vilkår. Husleiga skal dekke dei same elementa som i statens husleigeordning og fastsetjast i avtale mellom den enkelte institusjonen og utleigar. I vurderinga av om eit lokalbehov skal dekkast ved leige i marknaden eller ved eit statleg byggeprosjekt, skal det overordna omsynet vere kva som er økonomisk mest gunstig for staten.

Ei utvida ordning med midlar til oppgradering og tilpassing av forskings- og læringsareal vart lansert i Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019-2028. Målet med tiltaket er meir tenlege universitets- og høgskulebygg som fremjar moderne undervisnings- og forskingsformer, aukar læringsutbytet og bidrar til godt psykososialt miljø⁶. I statsbudsjett for 2020 for Kunnskapsdepartementet er det foreslått å tildele totalt 161 mill. kroner til oppgradering av hus og lokale for universitet og høgskular, jf. Prop 1 S. (2019-2020) Midlane som departementet tildeler, skal gå til hus og lokale, ikkje innkjøp av utstyr og inventar. Ordninga er open for både institusjonar som i all hovudsak forvaltar eigne hus og eigedom, og for institusjonar som inngår i Statens husleigeordning. Føringar for søknader er blant anna at byggeprosjektet må vere i tråd med institusjonen sin strategiske campus-utviklingsplan og at institusjonen stiller med ein eigendel på minimum 50 prosent av den totale kostnaden for byggeprosjektet.

⁵ Meld. St. 4 (2018–2019). Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019-2028

⁶ Kunnskapsdepartementet (2019) Brev til institusjonene om oppgraderingsmidler

6.4.3 Oppfølging

Campusutviklingsplanen er eigd av både HVO og Statsbygg. Begge partar må vere godt kjende med HVO sin strategi og planar for å kunne utvikle bygningsmasse, uteområde og tilhøyrande infrastruktur slik at dei står opp under ønskt utvikling for HVO.

Ein annan viktig føresetnad for at ein skal kunne oppnå dei ønskede effektane, er at Statsbygg og HVO utviklar felles rutinar for oppfølging av campusutviklingsplanen og innarbeider den i dei styrande dokumenta hos begge verksemdene. Dette inneber plassering av ansvar for at alle tiltak på hus og uteområde blir sjekka mot campusutviklingsplanen før dei blir sette i verk. Dersom tiltaka ikkje er i tråd med planen, bør vedtak om gjennomføring løftast i organisasjonen.

Det er høgskuledirektøren ved HVO som eig campusutviklingsplanen, og direktør for økonomi og eigedom som har ansvar for oppfølginga. I Statsbygg er det eigedomsavdelinga ved sektordirektør for universitet og høgskular som varetar eigarskapet for campusutviklingsplanen, og Statsbygg sin eigedomssjef for Høgskulen i Volda som har det overordna ansvaret for forvaltning av planen. Den daglege (eller operative) oppfølginga blir varetatt av Statsbygg sitt lokale drifts- og vedlikehalds-personell, gjennom f.eks. vedlikehaldsplanlegging.

6.4.4 Plan for revisjon

Effektmåla i campusutviklingsplanen er utarbeidde med utgangspunkt i HVO sine visjonar og målsetnader, slik at dersom desse blir endra, bør det vurderast om også campusutviklingsplanen må reviderast. Større endringar i høgskulen sine omgivnader eller rammevilkår kan også utløyse behov for revisjon. Statsbygg tilrår at revisjonsbehov blir vurdert etter kvar oppdatering av HVO sin strategi.

Referansar

DBH. *Database for statistikk om høgere utdanning.* 2019

Høgskulen i Volda, *Årsrapport 2018-2019.* 2019

Kunnskapsdepartementet. *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019-2028.* 2018.

Kunnskapsdepartementet. *Konsentrasjon for kvalitet i høgere utdanning.* 2014.

Kunnskapsdepartementet. *Kultur for kvalitet i høgere utdanning.* 2016.

Kunnskapssenter for utdanning . *Campusutforming for undervisning, forskning, samarbeid og læring.* 2017.

Lerche Arkitekter, *Vedlegg 2 - Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda, Funksjonskartlegging bygningsmasse.* 2019

Lerche Arkitekter, *Vedlegg 5 - Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda, Egnethetsanalyse bygningsmasse.* 2019

Lerche Arkitekter, *Vedlegg 7 - Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda, Mulighetsstudie for bygningsmassen.* 2020

Link Arkitektur, *Vedlegg 1 – Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda, Stedsanalyse.* 2019

Link Arkitektur, *Vedlegg 6 - Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda, Mulighetsstudie for areal, landskap og transport.* 2020

Multiconsult, *Vedlegg 3 - Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda, Reisevaneundersøkelse.* 2019

Statistisk sentralbyrå, <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram/aar>. 2018

Statsbygg, *Vedlegg 4 - Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda, Analyse av arealbruk.* 2019

STATSBYGG
ADRESSE P.b. 8106 Dep. N-0032 Oslo
BESØKSADRESSE Biskop Gunnerus gate 6

TLF. 815 55 045
NETT statsbygg.no
E-POST postmottak@statsbygg.no

